

## Innkalling

---

**Utval:** Stranda kontrollutval  
**Møtestad:** Stranda rådhus, møterom Øyna  
**Dato:** 17.09.2024  
**Tidspunkt:** Kl. 17:00

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

### Sakliste

PS 20/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte.  
PS 21/24 Meldingar.  
MS 10/24 Aktuelle kurs i 2025.  
MS 11/24 Kopi av førespurnad frå Frank Edvard Sve.  
PS 22/24 Revisoruttale frå forenkla etterlevingskontroll 2023.  
PS 23/24 Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2027.  
PS 24/24 Tilråding til budsjett 2025 frå Stranda kontrollutval.

Ålesund, 10.09.2024

Helge Kvame  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 20/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenne innkalling, sakliste og protokoll slik den ligg føre.

**Vedlegg**

Møteprotokoll - Stranda kontrollutval - 13.08.2024

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Stranda kontrollutval  
**Møtestad:** Stranda rådhus, formannskapssalen  
**Dato:** 13.08.2024  
**Tidspunkt:** kl. 17:00 - 19:00

---

### Følgjande medlemmer møtte

Christina M. De Vries  
Eva Rinde Habostad  
Helge Kvame  
Per Kristian Støbbakk  
Petter Hjørungdal

### Møtenotat

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Ivar-Otto Kristiansen under handsaminga av orienteringsak 01/24 knytt til partnerskap Stranda kommune - Møre og Romsdal Fylkeskommune - Flakkgruppen AS. Ordførar Einar Arve Nordang var og tilstade under denne saka.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA deltok forvaltningsrevisor Ola Godø Andersen.

Helge Kvame  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 16/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 17/24 Orienteringar
- OS 01/24 Orientering frå kommunedirektøren knytt til partnerskap  
Stranda kommune - Møre og Romsdal Fylkeskommune -  
Flakkgruppen AS
- PS 18/24 Meldingar
- MS 09/24 Protokoll frå generalforsamling i Attvin 07.06.2024
- PS 19/24 Presentasjon av endeleg risiko- og vesentlegvurdering (ROV).  
Stranda kontrollutval

## **PS 16/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Stranda kontrollutval 13.08.2024**

### **STKU 16/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

#### **Behandling**

Samrøystes votering.

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 17/24 Orienteringar**

## **OS 01/24 Orientering frå kommunedirektøren knytt til partnerskap Stranda kommune - Møre og Romsdal Fylkeskommune - Flakkgruppen AS**

**Stranda kontrollutval 13.08.2024**

### **STKU 01/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Stranda kontrollutval ynskjer å bli halden orientert om arbeidet med reguleringsplanen for ny kai på Hellesylt (fase 1). Når fase 2 (byggfasen) skal starte vil kontrollutvalet følgje med på saka som skal handsamast i kommunestyret og som gjeld kommunen sitt eventuelle vidare engasjement i trepart samarbeidet.

#### **Behandling**

Nytt punkt, foreslått av Helge Kvame:

Stranda kontrollutval ynskjer å bli halden orientert om arbeidet med reguleringsplanen for ny kai på Hellesylt (fase 1). Når fase 2 (byggfasen) skal starte vil kontrollutvalet følgje med på saka som skal handsamast i kommunestyret og som gjeld kommunen sitt eventuelle vidare engasjement i trepart samarbeidet.

Samrøystes votering.

Kommunedirektøren gav kontrollutvalet ei orientering knytt til eigarmøte, val av nytt styre og selskapet sin revisor. Ordførar supplerte om korleis saka skal handterast vidare politisk i fase 2 (byggfasen).

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

## **PS 18/24 Meldingar**

### **MS 09/24 Protokoll frå generalforsamling i Attvin 07.06.2024**

**Stranda kontrollutval 13.08.2024**

**STKU 09/24 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Behandling**

Samrøystes votering.

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

### **PS 19/24 Presentasjon av endeleg risiko- og vesentlegvurdering (ROV). Stranda kontrollutval**

**Stranda kontrollutval 13.08.2024**

**STKU 19/24 Vedtak:**

Stranda kontrollutval sluttar seg til kommunerevisjonen si risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og finn at ho gjev eit rett bilete av dei utfordringane kommuna står føre.

Med bakgrunn i ROVen vel Stranda kontrollutval å prioritere fylgjande områder/tema som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon:

1. Personalforvaltning
2. Helse og Omsorg

### 3. Plan/teknikk

Med bakgrunn i ROVen vel Stranda kontrollutval å prioritere fylgjande selskap/tema som grunnlag for plan for eigarskapskontroll:

1. Eigarstyring, rapportering til kommunestyret og oppfølging av lovkrav.

#### **Behandling**

Samrøystes votering.

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Stranda kontrollutval sluttar seg til kommunerevisjonen si risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og finn at ho gjev eit rett bilete av dei utfordringane kommuna står føre.

Med bakgrunn i ROVen vel Stranda kontrollutval å prioritere fylgjande områder/tema som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon:

1. ---
2. ---
3. ---

Med bakgrunn i ROVen vel Stranda kontrollutval å prioritere fylgjande selskap/tema som grunnlag for plan for eigarskapskontroll:

1. ---
2. ---
3. ---

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

## Meldingar

### Underliggende saker

10/24	Aktuelle kurs i 2025.
11/24	Kopi av førespurnad frå Frank Edvard Sve

### Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 10/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

### **Aktuelle kurs i 2025. Stranda kontrollutval**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunn:**

Både FKT (forum for kontroll og tilsyn) og NKRF (kontroll og revisjon i kommunene) har ferdig sine kursdatoar for 2025:

#### **Frå NKRF sine nettsider:**

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 21. Kontrollutvalgskonferanse **29. - 30. januar 2025**, og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere. I 2024 var det over 650 påmeldte fra hele landet.

#### **Målgruppe**

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

#### **Frå FKT sine nettsider:**

Fagkonferansen for kontrollutvalg **3. – 4. juni 2025**

Vekommen til fagkonferansen 3. – 4. juni 2025 på Quality Airport Hotel Gardermoen

Vi vil planlegge programmet i løpet av høsten og vinteren og legger ut løpende informasjon på hjemmesiden. Når programmet er klart, sender vi en egen invitasjon.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 11/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

### **Kopi av førespurnad frå Frank Edvard Sve Stranda kontrollutval**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunn:**

Sjå vedlagte førespurnad frå kommunestyrerepresentanten Frank Edvard Sve.

På eit generelt grunnlag kan det kan være ryddig å minne kommunestyret på ombudsmannen sin uttale knytt til svarfrist:

*Etter forvaltningsloven § 11 a andre ledd skal forvaltningsorganet snarest mulig gi et foreløpig svar dersom det må ventes at det vil ta «uforholdsmessig lang tid» før en mottatt henvendelse kan besvares.*

*I tillegg følger det av god forvaltningsskikk at skriftlige henvendelser besvares innen rimelig tid, jf. blant annet ombudsmannens uttalelser 6. februar 2017 (SOM-2016-419) og 14. januar 2020 (SOM-2019-4150).*

*Det foreløpige svaret skal redegjøre for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og så vidt mulig angi når svar kan ventes.*

#### **Vedlegg**

Etterlyser svar frå kommunedirektør

---

**Emne:** Fwd: : Sak til besvarelse av Kommunedirektøren i Stranda kommune, samt oversendelse til kontrollutvalget og revisjonen for besvarelse.

**Kopi:** kathrin.haram@mrrevisjon.no, Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>, Antonina Kolodziejczyk <antonina.kolodziejczyk@hotmail.com>, Gro Anita Sve <gro.anita.loen.sve@stranda.kommune.no>, Ole Jørgen Sve <ole.jorgen.sve@stranda.kommune.no>, pkstobakk@icloud.com, Redaksjon NRK Møre og Romsdal <mr@nrk.no>, Redaksjon Sunnmørsposten <redaksjonen@smp.no>

**Til:** Stranda Kommune (post@stranda.kommune.no) <post@stranda.kommune.no>, Einar Arve Nordang <einar.arve.nordang@stranda.kommune.no>

**Sendt:** 28.08.2024 15:13:28

**Fra:** Frank Edvard Sve <frank.edvard.sve@stortinget.no>  
Til kommunedirektør i Stranda kommune.

Manglande svar:

Det er med sterk undring eg registrerar at Kommunedirektøren i Stranda kommune ikkje klarer å svare på brev frå ein av sine egne kommunestyrerepresentantar.

Det er snart 3 mnd sidane eg sendte dette brevet til Kommunedirektøren, faktisk den 5/6-2024, og ein skulle kunne forvente at det snart kjem eit svar på dette.

Eg lurar egentlig på om dette kun gjelder meg, eller er det også manglande svar på brev og henvendelsar frå andre til kommunen som heller ikkje blir besvart?

Mvh

Frank Sve

---

**Fra:** Frank Edvard Sve

**Sendt:** onsdag 5. juni 2024 11:59

**Til:** Stranda Kommune (post@stranda.kommune.no) <post@stranda.kommune.no>; bjorn.tommerdal@sksiks.no; kathrin.haram@mrrevisjon.no

**Kopi:** Finn Lervik <finn.lervik@mrfylke.no>; Ole Jørgen Sve <ole.jorgen.sve@stranda.kommune.no>; Antonina Kolodziejczyk <antonina.kolodziejczyk@hotmail.com>; gro.anita.sve@gmail.com

**Emne:** Sak til besvarelse av Kommunedirektøren i Stranda kommune, samt oversendelse til kontrollutvalget og revisjonen for besvarelse.

Til Kommunedirektøren i Stranda kommune.

**Reguleringsprosessen, finansiering av planarbeidet for regulering i Hellesylt sentrum for Turist og beredskapskai Hellesylt.**

I siste kommunestyremøte vart det frå representanten og tidlegare ordførar Jan Ove Tryggestad opplyst at finansieringa og gjennomføring av planarbeidet for oppstarta planprosess for Turist og beredskapskai Hellesylt, skulle gjennomførast av selskapet Hellesylt turist og beredskapskai AS.

Dette selskapet er stifta med 15 mill kr i aksjekapital fordelt mellom Flakk gruppen, Stranda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, kvar part med 5 mill kr.

Etter å ha stilt spørsmål også til plansjefen i kommunen vert det vist til ei angjeveleg kommunestyrebehandling av dette som eg ikkje kan finne er gjennomført.

Fylkeskommunen kjenner heller ikkje til planprosessen ang dette prosjektet/planen, og har ikkje dette i sine arkiver og arbeider ikkje med saken.

Jamf sak i Fast utval for plansaker i Stranda kommune den 22.08.2022 i sak 51/22 vart det gjort slikt vedtak:

***PLA - 051/22 Vedtak Stranda kommune tilrår oppstart av planarbeid for reguleringsplan turist- og beredskapskai Hellesylt. Vedtaket er heimla i i plan- og bygningslova § 12-8.***

Vidare i saksutgreiinga og bakgrunn for saka står sitat:

***SAKSUTGREIING Bakgrunn for saka***

***: Møre og Romsdal fylkeskommune har sendt inn planinitiativ for reguleringsplan for ny turist og beredskapskai på Hellesylt i Stranda kommune. Det ble avholdt oppstartsmøte mellom fylkeskommune og Stranda kommune i mai 2022.***

Det blir i denne saka ikkje nevnt ved eit einaste ord at det nyoppretta aksjeselskapet « Hellesylt turist og beredskapskai as» skulle står for finansiering og gjennomføring av dette planarbeidet som Stranda kommune har starta opp etter eit planforslag frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Med andre ord, så er denne planen og planarbeidet som vart oppstarta den 22/8 i 2022 eit reint offentleg planarbeide, som tydeligvis er oppstarta og blir gjennomført av og i regi av Stranda kommune sjølv, då fylkeskommunen ikkje gjer dette eller har dette i sin planportefølje.

Planarbeid i kommunal regi er ordinær drift og blir finansiert av driftsbudsjettet dersom dette ikkje er beslutta innleigd av anna selskap etter eget vedtak i kommunestyret eller anna kompetent organ. Men også slik innleie ville måtte bli finansiert av kommunen sitt driftsbudsjett for planleggingsarbeide. Det er heller ikkje avsett meg bekjent midlar til dette arbeidet i noko budsjett for Stranda kommune.

**Det som er hovudspørsmålet er om Stranda kommune bevist har forsøkt å omdefinere og omgås regelverket om at investeringsmidler ikkje kan brukast til drift, ved at 5 mill kr er lagt inn som aksjekapital med pengar frå investeringsmidlar, i aksjeselskapet Hellesylt turist og beredskapskai as, med den hensikt og som som tydelegvis skulle utføre og finansere kommunen sitt**

**ansvar i omtalt regulering og planarbeide. Dette vart klart og tydeleg bekrefta av tidligare ordførar og no kommunestyrerepresentant Jan Ove Tryggestad i siste kommunestyremøtet.**

At ei kommune som har dårleg råd, ikkje har midlar til planarbeide i eige driftsbudsjett kan ikkje medføre at ein berre kan opprette eit aksjeselskap, flytte ut investeringsmidler til aksjekapital der, og vidare gjennomføre driftsoppgåver som egentlig ligg som kommunalt ansvar, jamf oppstartsaka av omtalt reguleringsplan.

- Det er uansett kommunen som skal finansiere eiga drift, også eigne planarbeid og reguleringar.

Det er også eit faktum at Fylkeskommunen har vedteke å trekke seg ut av dette aksjeselskapet Turist og beredskapskai Hellesylt as, med bakgrunn i at dette er uryddig då dette selskapet skal legge rette for bygging av ny ferjekai på Hellesylt i partnerskap med 1 privat aktør, når der i tillegg er 3 andre aktørar som har fått konsesjon for ferjedrift mellom Hellesylt og Geiranger. Blant anna Fjord 1 som opererer sambandet i dag og har gjort dette i svært mange år.

Det stilles også betydelege spørsmål ikring statsstøttedirektivet der fylket og kommunen samla sett har gått inn med risikokapital med til saman 10 mill kr , 5 mill for kommunen og det same for fylket, i kompaniskap med 1 privat aktør. Ein slik konstruksjon blir mest sannsynlig ramma av regelverket ikring offentleg støtte til private, og er langt utover terskelverdiane for «bagatellmessig støtte».

**Sitat: 16.3.1 Beløpsgrensen Hovedregelen er at et foretak kan motta inntil 200 000 euro i bagatellmessig støtte over en treårsperiode. Et unntak fra denne beløpsgrensen er at foretak i veitransportsektoren bare kan motta inntil 100 000 euro over en treårsperiode.**

Slik støtte blir vurdert samla for fylket og kommunen i dette tilfellet.

Kapitaltilførsel rammes også av dette lovverket:

#### **16.3.2.1 Tilførsel av kapital**

**Dersom støttegiver ønsker å gi støtte i form av kapitaltilførsel eller risikokapitaltiltak i form av egenkapitalinvesteringer, setter forordningen et tak på slike på 200 000 euro over en tre-års periode. Dette betyr at hele kapitaltilførselen / investeringen anses for å være støtte. Dette er et strengt krav, som er der for å sikre at støtten er transparent. Vi minner om at dersom investeringen oppfyller markedsaktørtesten, er det ikke et tak på den. Dette taket gjelder kun dersom man skal gi støtten som bagatellmessig støtte.**

Eg har derfor følgjande spørsmål til Kommunedirektøren i Stranda kommune:

1. Kven har starta opp planarbeidet og står som formell utførar av dette arbeidet for Turist og beredskapskai Hellesylt?
2. Kven står for plan og reguleringsarbeidet for denne planen?

3. Kven finansierer dette arbeidet og kva gyldige kommunestyrevedtak ligg føre for dette?
4. Har Stranda kommune budsjettert noko ang dette arbeidet i sine budsjetter for 2022, 2023, eller 2024?
5. Kva vurderinger, saksutgreiing og kartlegging er gjennomført for vurdering av regelverket for offentleg støtte og bagatellmessig støtte?

Saka blir også sendt over til kontrollutvalet og revisjonen, som bes besvare same spørsmål som eg har stilt til Kommunedirektøren.

Mvh

Frank Sve  
Kommunestyrerepresentant

<Saksbehandling og vedtak i sak PLA 051 2022 Oppstart av planarbeid detaljregulering turist og beredskapskai Hellesylt.pdf>

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

### **Revisoruttale frå forenkla etterlevingskontroll 2023 Stranda kontrollutval**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Stranda kontrollutval tek revisor sin uttale og rapport til vitande.

#### **Bakgrunn:**

Den forenkla etterlevingskontrollen inneber at revisor skal sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lover og forskrifter og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Revisor gjennomfører enkle kontrollhandlingar som gjev moglegheit til å avdekkje vesentlege veikskapar i sentrale delar av økonomiforvaltninga.

Kontrollen er ikkje meint å gå i detalj på alle sidene ved ei sak, men blir retta meir mot om kommunen har eit system som er eigna til å sikre etterleving av krava i lover og forskrifter og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Tema for kontrollen i 2023 har vært attestasjon og tilvisning. Forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik vil presentere vedlagte uttale og rapport på kontrollutvalet sitt møte tysdag 17. september 2024.

#### **Vedlegg**

Rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2023  
Revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll 2023

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

---

Stranda kommune

Attestasjons- og anvisningskontroller



# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunene Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eierne. Hovedkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontorer i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidligere rapporter fra Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på vår hjemmeside:

[www.mrrevisjon.no](http://www.mrrevisjon.no)

## INNHOOLD

1	INNLEDNING .....	1
2	GJENNOMFØRING FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL.....	2
3	RISIKO OG VESENTLIGHETSVURDERING .....	2
3.1	Utførte kontroller tidligere år.....	2
3.2	Forhold som påvirker valg av område for kontroll.....	3
3.3	Risikokart - Risikovurdering.....	3
4	VALG AV RISIKOOMRÅDER .....	4
4.1	Konkret vurdering.....	4
4.2	Problemstilling og kilde .....	4
5	METODE FOR ETTERLEVELSESKONTROLLEN .....	5
5.1	Konklusjon.....	5
6	BESKRIVELSE AV HANDLINGER - PROBLEMSTILLING 1 .....	6
6.1	Vurdering av problemstilling 1.....	6
7	BESKRIVELSE AV HANDLINGER - PROBLEMSTILLING 2A .....	7
7.1	Spørsmål til attestanter .....	7
7.2	Spørsmål til anviser.....	7
7.3	Vurdering av problemstilling 2a.....	8
8	BESKRIVELSE AV HANDLINGER - PROBLEMSTILLING 2B .....	9
8.1	Vurdering av problemstilling 2b.....	9

## 1 INNLEDNING

Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen etter § 24-9 er en ny lovfestet oppgave, der regnskapsrevisor har fått en tilleggsoppgave til finansiell revisjon.

Formålet er å legge til rette for jevnlig kontroll av økonomiforvaltningen som kan bidra til å forebygge og avdekke vesentlige mangler og feil i økonomiforvaltningen.

Selve etterlevelseskontrollen skal rette seg mot de delene av økonomiforvaltningen som revisor ikke har gjennomgått ved sin finansielle revisjon etter § 24-5. Det er snakk om kontroll som foretas i "forlengelsen" av regnskapsrevisjonen, slik at revisor kan avdekke vesentlige svakheter i de delene av økonomiforvaltningen som ikke er kontrollert i den finansielle revisjonen.

Den nye oppgaven er også ment å styrke grunnlaget for at kontrollutvalget kan ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltningen foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Forenklet etterlevelseskontroll etter kommuneloven § 24-9 skal utføres i samsvar med Regnskapsstandard 301 Forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen, og vil være et direkte attestasjonsoppdrag hvor den praktiserende revisorens konklusjon gir et uttrykk for det rapporterte resultat av målingen eller evalueringen av det underliggende saksforholdet mot kriteriene.

---

## PLAN FOR FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL

### 2 GJENNOMFØRING FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL

Revisor velger ut områder for kontroll basert på en risiko- og vesentlighetsvurdering. Revisor skal i sin planlegging identifisere områder i økonomiforvaltningen der det er størst behov for at bestemmelser og vedtak følges og en vurdering av hvilke konsekvenser brudd på bestemmelser og vedtak kan få.

Når revisor har identifisert et område for kontroll, skal revisor planlegge hvilke kontrollhandlinger som skal utføres, samt omfang og tidspunkt for gjennomføring. Revisor planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området revisor har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Det skal fastsettes og beskrives objektive kriterier for måling og evaluering.

Før revisor avgir attestasjonsuttalelse skal det innhentes en skriftlig uttalelse fra kommunedirektøren. En skriftlig uttalelse benyttes blant annet for at revisor skal sikre seg at all relevant informasjon er oppgitt.

Revisor skal senest 30. juni avgjøre en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

### 3 RISIKO OG VESENTLIGHETSVURDERING

#### 3.1 UTFØRTE KONTROLLER TIDLIGERE ÅR

Tidligere år er følgende forenklete etterlevelseskontroller gjennomført:

Utførte etterlevelseskontroller tidligere år:

- 2019 - Tilskudd til private barnehager
- 2020 - Selvkost
- 2021 - Finansforvaltning
- 2022 – Oppholdsbetaling sykehjem

## 3.2 FORHOLD SOM PÅVIRKER VALG AV OMRÅDE FOR KONTROLL

Forhold som tas med i betraktningen og som kan påvirke valg av område for kontroll:

- Risiko for brudd på lov, forskrift eller vedtak
- Vesentlighet
- Ressurssvake grupper rammes
- Enkeltvis mindre brudd som gjelder mange
- Områder som ikke naturlig faller inn i den ordinære revisjonen

## 3.3 RISIKOKART - RISIKOVURDERING

Risiko nr	Kritiske suksessfaktorer	Risiko for manglende måloppnåelse	Eksisterende tiltak/ merknad til risikoen	S	K	Risikonivå
R1	Offentlege innkjøp	Komplisert regelverk - Omdømmerisiko og risiko for erstatning	Kommunen har innkjøpsprosedyre men ikke innkjøpsreglement. Kommunen har rammeavtaler og fellesinnkjøp med Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre.	3	3	Middels
R2	Selvkost	Komplisert regelverk.	Forenklet etterlevelseskontroll 2020. Bruker eksternt kompetanse: Momentum.	3	3	Middels
R3	Finansforvaltning	Høy gjeld. Økte renter.	Forenklet etterlevelseskontroll 2021	3	3	Middels
R4	Offentleg støtte	Brudd på EØS-regelverket for offentlig støtte	Kommunen har kommunalt næringsfond. Ihht EØS-regelverk for statsstønad definert som "bagatellmessig"	1	1	Lav
R5	Tilskot til private barnehagar	Komplisert regelverk.	Forenklet etterlevelseskontroll 2019. Kun 2 private b.hager men høye tilskudd.	4	3	Middels
R6	Kontraktoppfølging	Manglende oppfølging kan gi ekstra kostnader.	Utført kontroll i 2019 v/rekneskapsrevisjon: kontroll av investeringsprosjekt	3	3	Middels
R7	Opphaldsbetaling sjukeheim	Ressurssvake grupper kan rammes.	Saksbehandler har generelt god forståing og praktisering av regelverk. Forenklet etterlevelseskontroll 2022.	1	1	Lav
R8	Attestasjon og tilvisning	Mangelfulle rutiner og forståelse av oppgave, kan medføre at kostnader som ikke berører kommunen blir bokført eller at for høye kostnader blir godkjent.	Attestasjon og tilvisning direkte i Visma Enterprise pga scanning av bilag. Det må minst være to personer som har attestert og godkjent bilaget.	3	3	Middels

## 4 VALG AV RISIKOOMRÅDER

### 4.1 KONKRET VURDERING

Etter en samlet risikovurdering vurderes det er mest relevant å gjennomføre forenklet etterlevelseskontroll knyttet til risiko

- Attestasjons og anvisningskontroller

På dette området er risiko satt til middels.

Manglende kontroll kan medføre feil i faktura på pris, antall eller andre avvik fra bestilling blir godkjent, eller at «svindelfakturaer» går gjennom fordi nødvendige kontroller ikke blir gjennomført. Feil i registrering av momskoder. Riktig kontering og bruk av momskoder er viktig for at kommunen skal få momskompensasjon. Feil koding kan medføre at kommunen ikke får den momskompensasjonen de har krav på.

Uttalelsen avgis med moderat sikkerhet. Dette innebærer at revisor i større grad vektlegger forespørslers undersøkelsesmetode, samt at man velger ut færre elementer for kontroll / utfører færre handlinger enn ved ordinær revisjon.

### 4.2 PROBLEMSTILLING OG KILDE

**Problemstillinger som er undersøkt i etterlevelseskontrollen er:**

1. Finnes det et reglement som beskriver hva som ligger i attestasjons- og anvisningsmyndigheten, og er dette tilgjengelig for attestant og anvisere
2. For et tilfeldig utvalg godkjente fakturaer fra hvert av rammeområdene.
  - a) Innhentes en beskrivelse fra attestant og anviser om hvilke kontroller som har blitt og blir utført ved attestering og anvisning av inngående faktura.
  - b) I tillegg bes det om en beskrivelse av vurderingen som gjøres ved kontering av mva ved godkjenning av fakturabilag.

**Kilde:**

- Kommuneloven § 25-1
- Kommunens egne rutinebeskrivelser og reglement

### 5 METODE FOR ETTERLEVELSESKONTROLLEN

Vi har brukt spørreundersøkelse til de som er attestant og anviser til de utvalgte fakturaene. Spørreundersøkelsen er sendt ut til 16 attestanter og anvisere og svarprosenten er på 88%. Så høy svarprosent gir ei høy validitet for kontrollen.

14,3% av respondentene er både attestant og anviser, 64,3% er bare attesterer, mens 21,4% bare er anviser.

Det er brukt samme spørsmål om attestasjon/anvisning, ved spørsmål om generell behandling og for behandling av den konkret utvalgte fakturaen.

Vi har vært i kontakt med økonomisjef som har svart utfyllende på våre forespørsler.

#### 5.1 KONKLUSJON

1. Stranda kommune har et reglement som de ansatte skal følge. Reglementet er tilgjengelig i kommunens kvalitetssystem, Compilo. Rutinene er en del av økonomireglementet og ligger under kapittel 4.9 i Økonomihandboka. Attestasjon omtales under punkt 4.9.1 og anvisning under punkt 4.9.2. Reglementet sier hva som ligger i attestasjons- og anvisningsmyndighetene. Reglementet er under revidering og vil bli behandlet politisk i løpet av 2024-2025. Det er positivt at dette blir oppdatert etter dagens lover og regler.
2. Konklusjon av utvalgte fakturaer som er behandla av attestant og/eller anviser er at de følger retningslinjene gitt av kommunen:
  - a) Konklusjon for problemstilling 2a:

Både de som er attestant og anviser gjør de kontrollene som reglementet krever ved behandling av inngående faktura.
  - b) Vi vurderer at arbeidet med mva-kode er tilstrekkelig da det blir hentet inn kompetanse ved tvil om riktig momskode.

Revisjonen vil avgi en normal attestasjonsuttale.

## 6 BESKRIVELSE AV HANDLINGER - PROBLEMSTILLING 1

Utvalgt kriterium er hjemlet i kommunelova §25-1 og kapittel 4 i Økonomireglement for Stranda kommune.

### 1. Beskrivelse av handlinger

Kommunen sitt økonomireglement er tilgjengelig på kvalitetssystemet Compilo. Reglementet står i Økonomihandboka og var vedtatt i 2010. Kommunen har revidert reglementet og det skal legges frem til politisk behandling i løpet av 2024-2025. Dagens beskrivelse av arbeidet med attestasjon og anvisning står i kapittel 4.9 og inneholder viktig informasjon som de ansatte trenger for å utøve kontroll av attestasjon og anvisning.

Kapittel 4.9.1 handler om attestering og gir beskrivelse av hva som skal utføres av den som attesterer.

Kapittel 4.9.2 handler om anvisning og gir en beskrivelse av hva som er ansvar og hva som skal utføres av den som anviser.

### 6.1 VURDERING AV PROBLEMSTILLING 1

Vår vurdering er at Stranda kommune har et reglement som beskriver hva som ligger i å utføre oppgaver innen attestasjon og anvisning. Vi vurderer at tilgjengeligheten til reglementet er tilfredsstillende.

Det er positivt at reglementet skal revideres og oppdateres.



## 7 BESKRIVELSE AV HANDLINGER - PROBLEMSTILLING 2A

- a) Vi har innhentet svar fra et utvalgt antall attestanter og anvisere gjennom spørreundersøkelse. Beskrivelse fra attestant og anviser omhandler hvilke kontroller som har blitt og blir utført ved attestering og anvisning generelt, men også ved utvalgt faktura.

Alle svarer at de har fått opplæring som gir tilstrekkelig grunnlag til å attestere eller tilvise inngående faktura.

### 7.1 SPØRSMÅL TIL ATTESTANTER

Tabellen viser svar gradert fra 1-6 der 1 er aldri og 6 er alltid.

Utvalgte spørsmål til attestant	Generelt ved attestering	Svar for utvalgt faktura
1 Jeg har som regel god kjennskap til hva varene skal brukast til	5,5	5,6
2 Jeg vet at varen/tjenestene har kommet før jeg attesterer/anviser	5,3	5,6
3 Jeg vet at varen/tjenesten er i samsvar med bestilling	5,6	5,6
4 Jeg kontrollerer alltid at det er riktige priser, tariffer eller satser som er benyttet.	5,6	4,7
5 Jeg kontrollerer at leveringsvilkår er oppfylt	4,8	5,1

Tabellen viser at de ansatte svarer at de utfører arbeidet etter reglementet. Spørsmål 5 har laveste gjennomsnitt med henholdsvis 4,8. Ingen svarer at de svært sjelden eller aldri kontrollerer riktige priser.

### 7.2 SPØRSMÅL TIL ANVISER

Tabellen viser svar gradert fra 1-6 der 1 er aldri og 6 er alltid.

Utvalt spørsmål til tilvisarar	Generelt ved anvisning	Svar for utvalgt faktura
1 Jeg undersøker at nødvendig og tilfredsstillende dokumentasjon er lagt ved bilag	5,2	5,7
2 Jeg undersøker at det er budsjettmessig dekning for utgiften	5,2	5,1
3 Jeg kontrollerer at bilaget er forberedt, kontrollert og attestert av ansatte som har disse funksjonene	5,5	5,5
4 Jeg kontrollerer at kommunen sine innkjøpsavtaler er overholdt	5,1	4,9
5 Jeg kontrollerer at det blir brukt riktig konto i regnskapene	5,4	5,6

Tabellen viser at de ansatte svarer at de utfører arbeidet etter reglementet. Spørsmål 4 har laveste med 4,9 i gjennomsnitt.

### 7.3 VURDERING AV PROBLEMSTILLING 2A

Vi vurderer arbeidet som utføres med attestasjon og anvisning som tilfredsstillende. De kategoriene vi har spurt etter viser at arbeidet gjøres etter reglementet. De ansatte gjør nødvendige kontroller for å se til at faktura skal betales av kommunen.

Anvisere og attestanter har et spørsmål hver der gjennomsnittet er under 5. Vi vurderer det likevel som et godt nok resultat siden ingen svarer at de svært sjelden eller aldri kontrollerer om innkjøpsavtalene er overholdt.

Vi har innhentet svar fra et utvalgt antall attestanter og anvisere gjennom spørreundersøkelse.

I spørreundersøkelsen omhandler et av spørsmålene kontering av moms. Respondentene har gitt en beskrivelse av de vurderingene de gjør ved kontering av mva når de godkjenner inngående faktura.

- 50 % bruker reglementet eller egne kontroller
- 43 % skriver at de bruker andre «eksperter» til å bestemme mva-kode
- 7% svarer at de ikke jobber med denne typen oppgave

### 8.1 VURDERING AV PROBLEMSTILLING 2B

Vi vurderer at arbeidet er tilstrekkelig kontroll med mva, då det hentes inn kompetanse ved tvil.

Terje Gundersen-Røvik

04.06.2024

MRR

Til Kontrollutvalget i Stranda kommune

Kopi til Kommunedirektøren

**Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen**

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stranda kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av rutiner og reglement for attestasjons - og anvisning hvor vi kontrollerer om kommunen

1. har et reglement som beskriver hva som ligger i attestasjons- og anvisningsmyndigheten, og at dette er tilgjengelig for attestant og anviser
2. for et tilfeldig utvalg godkjente fakturaer fra hvert av rammeområdene.
  - a) Innhentes en beskrivelse fra attestant og anviser om hvilke kontroller som har blitt og blir utført ved attestering og anvisning av inngående faktura.
  - b) I tillegg bes det om en beskrivelse av vurderingen som gjøres ved kontering av merverdiavgift ved godkjenning av fakturabilag

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2023 til 31.12.2023.

Kriterier er hentet fra kommunens økonomireglement og kommunens beskrevne internkontroll på området.

**Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen**

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

**Vår uavhengighet og kvalitetskontroll**

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring (ISQM 1) *Kvalitetsstyring for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenklet revisorkontroll av regnskaper, eller andre attestasjonsoppdrag eller beslektede tjenester*, har Møre og Romsdal Revisjon SA et omfattende kvalitetsstyringssystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

**Våre oppgaver og plikter**

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 *Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

## Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stranda kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd rutiner og reglement for attestasjon- og anvisning.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påseansvar med økonomiforvaltningen og til Stranda kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Ålesund, 19. juni 2024

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 23/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

### **Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 Stranda kommune**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 for Stranda kommune. Forslag til plan vert sendt kommunestyret med følgande tilråding:

1. Stranda kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 slik den ligg føre med følgande prioriterte områder:

- a) Personalforvaltning
- b) Helse/Omsorg
- c) Plan/Teknisk

2. Kontrollutvalet får mynde til å gjere endringar i planen og prioriteringa om risikobilete for Stranda kommune endrar seg i perioden.

#### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode. Dette er heimla i kommunelova §23-2 c og forskrift om kontrollutval og deira oppgåver. Sula kontrollutval gjorde i sitt møte 7. februar 2024 (sak 05/24) vedtak om å bestille ei risiko- og vesentleg vurdering (ROV rapport) frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Dette som eit grunnlag for, og start på arbeide med ein endeleg plan for forvaltningsrevisjon for Stranda kommune. Rapporten viser vurderingar av kor risikoen for feil og manglar er størst, og kor vesentleg dette kan seiast å være.

#### **Vurdering:**

Stranda kontrollutval har i sitt møte 13. august 2024 hatt diskusjonar med sekretariatet og kommunerevisjonen for å diskutere moglege tema, få innspel og kommentarar. Sekretariatet hadde møte med kommunerevisjonen 26. juni 2024 for å avstemme arbeidet så langt og diskutere dei funn som er avdekt i overordna analyse. Det har difor vore ein grundig prosess fram til det forslaget til plan som ligg føre.


Med bakgrunn i nemnte arbeid har sekretariatet laga eit utkast til plan som bygger på kontrollutvalet sine prioriteringar. Plana ligg som vedlegg til denne saka i lag med risiko- og vesentleg vurdering. Midtveis i perioden bør kontrollutvalet vurdere om plana treng å reviderast.

Kontrollutvalet kan nytte ulike verktøy til sine kontrollhandlingar. Utvalet bør til ein kvar tid gjere ei vurdering av kva kontrollhandlingar som er mest tenleg å nytte. For å ha eit slikt handlingsrom vil kontrollutvalet be kommunestyret om fullmakt til å fråvike dei vedtekne prioriteringane i plana om risiko- og vesentleg bilete vert endra. Dette er foreslått i punkt 2 i tilrådinga.

### **Vedlegg**

forslag Stranda kommune plan for frevisjon 2024 til 2027

Risiko- og vesentlegvurdering, Stranda kommune 2024-2027



# Plan for forvaltningsrevisjon Stranda kommune 2024 – 2027.

## Innhald

Bakgrunn .....	2
Innhaldet i forvaltningsrevisjon .....	3
Gjennomføring og rapportering .....	4
Vurdering og prioriteringar i perioden .....	5
Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i Stranda kommune i perioden 2019 – 2023.....	6
Avslutning .....	7



## Bakgrunn

Kontrollutvalet er pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Dette kjem fram i kommunelova kapittel 23. Kommunestyret må sjølv vedta denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering frå kommunestyret.

Det er eit krav om at behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike tenesteområda skal bli identifisert med utgangspunkt i ei risiko- og vesentleg vurdering (ROV). Kontrollutvalet har bestilt denne rapporten som er utarbeid av Møre og Romsdal Revisjon SA og følger som vedlegg til denne planen.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll med forvaltninga men kontrollutvalet er det organet som på vegne av kommunestyret skal gjennomføre denne løpande kontrollen. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre avgrensingar enn dei som er eventuelt gitt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at Stranda kommune er gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg det at kontrollutvalet har ei rolle i forhold til å velje ut prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kraft av å ha det overordna kontrollansvaret i kommunen kan kommunestyret gje instruksar om igangsetjing av prosjekt. I mangel av slike prosjekt, avgjer kontrollutvalet sjølv dei tenesteområda som skal være gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontrollarbeidet i kommunal sektor. Det er difor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve eit mest mogleg målretta og effektiv kontrollfunksjon. Kontrollutvalet vil ha planen til løpande vurdering og kan be om fullmakt til å gjere endringar i planen dersom dette vært naudsynt.

Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret sjølv bør ha ei aktiv og styrande rolle. Det at kommunestyret har rett til å gje detaljerte instruksar, er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar, bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit kontrollutval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

## Innhaldet i forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, oppnådd resultat og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. I dette ligg følgande punkter:

- ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- regelverket blir etterlevd
- styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultatata er nådd

Forvaltningsrevisjon skal vere eit reiskap for det øvste politiske organ i forhold til å føre kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Punkta over seier noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultatata er i tråd med vedtak og føresetnadar. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I høve til forvaltningsrevisjon, set ikkje regelverket klare avgrensingar til bruk av ressursar. Dette fordi ein ikkje finn det tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det å ikkje avgrense til økonomi, er likevel ikkje det same som at ein ikkje skal fokusere på økonomi.

Det er viktig at kontrollutvalet samordnar sitt arbeide med forvaltningsrevisjonar med andre statlege etatar som skal gjennomføre tilsyn med kommunen.

Forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter «god kommunal revisjonsskikk» og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltninga.

## Gjennomføring og rapportering

Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige tilhøve og eksterne vilkår knytt til økonomi, sysselsetting, statlege føringar og krav vil variera i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setja inn ressursar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Denne planen er utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i gjeldande 4 årsperiode. I tillegg til løpande vurdering av planen kan den bli rullert ved behov, for eksempel etter 2 år. Kontrollutvalet vurderer at det bør gjennomførast 2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i planperioden i Stranda kommune.


Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet bestille forvaltningsrevisjon.

Sekretariatet er administrasjonen til kontrollutvalet og hjelper utvalet i å utføre bestillar rolla. Utvalet bestiller forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og eventuelt andre undersøkingar, mens rekneskapsrevisjon er eit løpande oppdrag. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

For saker som er bestilt frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere å sikre at produktet er i samsvar med bestillinga til kontrollutvalet. Kontrollutvalet vedtar problemstillingar og prosjektplan.

Kontrollutvalet har ansvar for å rapportere om gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og om resultata av disse til kommunestyret. Dette kan skje ved at kvar rapport blir lagt fram eller at det ein gong i året blir lagt fram ein rapport om gjennomførte prosjekt i år. For Stranda kommune vil tal på forvaltningsrevisjonar ligga på eit nivå som gjer det mest naturleg å leggja rapportane fram for kommunestyret etter kvart som dei er ferdige.

Illustrasjonen under viser korleis kontrollutvalet og kommunerevisjonen samarbeider kring arbeidet med ein forvaltningsrevisjon. Vidare synar det også oppgåvefordelinga mellom dei to.



## Vurdering og prioriteringar i perioden

Omfanget av forvaltningsrevisjonar bygger på funn i risiko- og vesentleg vurderinga (ROV) og dei ressursar som vert stilt til disposisjon for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Den må sjåast på som eit verktøy til å gjera ei prioritering av område/tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon saman med dei innspela som er mottatt, dialog med revisor og kontrollutvalet sine eigne drøftingar og vurderingar.

Kontrollutvalet har med bakgrunn i drøftingar gjort følgande prioriteringar for planperioden:

### 1. Personalforvaltning

Grunnlaget for val av dette området i risiko- og vesentleganalyse finn ein omtalt på sidene 37 - 39 i ROV rapporten. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være:

- Sjukefravær
- Rekruttering
- Omstilling

## 2. Helse/omsorg

Grunnlaget for val av dette området i risiko- og vesentleganalysa finn ein omtalt på sidene 43 - 45 i ROV rapporten. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være:

- Omstillingsprosessar
- Kvalitet på helse- og omsorgstenesta

## 3. Plan/teknisk

Grunnlaget for val av dette området i risiko- og vesentleganalysa finn ein omtalt på sidene 47 - 49 i ROV rapporten. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være:

- Byggesaksbehandling og vann og avløp – saksbehandlingstid
- Heilskapeleg ROS-analyse

Kvart enkelt prosjekt vil bli nærare spesifisert ved handsaming i kontrollutvalet i samband med bestilling av det enkelte prosjekt. Kontrollutvalet gjer den naudsynte prioritering, avgrensing og bestilling av prosjekta i perioden.

## Gjennomførte forvaltningsrevisjonar i Stranda kommune i perioden 2019 – 2023.

Det blei i 2021 bestilt og handsama forvaltningsrevisjon innanfor vass og avløpssystemet i Stranda kommune.

Denne blei handsama av kommunestyret i deira møte 22. september 2021 (sak 071/21) i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet.

I tillegg bad kommunestyret om ei tidsplan for gjennomføring av punkta i vedtaket.

Det var i 2022 gjennomført forvaltningsrevisjon innan kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i Stranda kommune. Problemstillingane i forvaltningsrevisjonen var:

1. Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?

2. Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?

Kontrollutvalet gav si tilråding til kommunestyret som fatta vedtak 21.12.2022 i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet.

## Avslutning

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einskilde forvaltningsrevisjonane.

Kontrollutvalet ber om delegert fullmakt til å iverksette forvaltningsrevisjon på andre områder enn dei som er foreslått/vedtatt dersom kontrollutvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi.

Kommunestyret har også mynde til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre andre konkrete bestillingar i løpet av planperioden dersom det er ønskeleg.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING 2024-2027

---

STRANDA KOMMUNE

Grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon og plan for  
eigarskapskontroll 2024-2027

juli 2024

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonsteneste for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA er på heimesida vår: [www.mrrevisjon.no](http://www.mrrevisjon.no)



## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med kontrollutvalet i kommunen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette gir eit grunnlag for kontrollutvalet sin vidare prosess med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2023-2027.

Risiko- og vesentlegvurdering (ROV) går gjennom kommunal verksemd og eigarskap i Stranda kommune. Rapporten summerer opp resultatane frå gjennomgangen vår av verksemda, på bakgrunn av dei identifiserte risikoane som ligg til grunn for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vi takkar kontrollutvalet, sekretariatet, folkevalde og kommunedirektøren med administrasjon for nyttige bidrag. Bidraga har skapt eit godt utgangspunkt for kontroll og betring av Stranda kommune.

Ålesund/Kristiansund, 02.07.2024

Ingrid Walstad Larsen  
Oppdragsansvarlig revisor

Ola Godø Andersen  
Forvaltningsrevisor

## SAMANDRAG

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd, og av føretak kommunen har eigarinteresser i, som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Arbeidet er utført etter bestilling fra kontrollutvalet i Stranda kommune.

### Risiko- og vesentlegvurdering

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. Risikofaktorar er moglege hendingar som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. Analysen setter opp de viktigaste risikofaktorane som kan hindre kommunen i å nå sine mål. I vurderingane er det tatt omsyn til dei tiltak kommunen har iverksett for å sikre en tryggande internkontroll.

Risikofaktorane er vurdert ut frå sannsyn for at den inntreffer, og den konsekvensen det vil ha om det inntreffer. Konsekvensane kan ha følger for kommunens egen verksemd og/eller kommunens innbyggjarar. Det vil alltid vere ein viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsyn og lav konsekvens. Avslutningsvis blir vesentlegheit vurdert, som er en samla vurdering av alvorshgraden i den trusselen som den enkelte risikofaktor representerer når det kommer til kommunens måloppnåing. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv:

- Økonomisk perspektiv
- Politisk perspektiv
- Brukarens perspektiv
- Medarbeidarens perspektiv
- Samfunns- og miljøperspektiv

### Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal i henhold til Kommuneleova § 23-2 påsjå at det utførast forvaltnings-revisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Forvaltningsrevisjon er heimla i Kommuneleova § 23-3 og er en del av kommunens eigenkontroll, og kommunestyrets kontroll med kommunens forvaltning. Forvaltningsrevisjonens rolle er å undersøke om kommunens verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler, og kommunens planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar. Forvaltningsrevisjon er en form for revisjon av offentleg virksomheit som i Kommuneleova blir definert som: «Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak».

## Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Det er et skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis tilseier likevel at det er en glidande overgang mellom disse to hovudkategoriane, og at det i enkelte tilfelle kan være vanskeleg å skilje mellom kva som inngår i desse kategoriane. Disse utgjer likevel to adskilte kontrollformer, og dei er regulert gjennom kvar sin paragraf i Kommuneleva. Av denne grunn er områdene omtalt i egne kapittel.

## Risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon

Kommuneleva § 23-3, 2. ledd bestemmer at kontrollutvalet minst éin gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan som viser for kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Møre og Romsdal Revisjon SA har i denne rapporten utarbeidd ei risiko -og vesentlegvurdering som kontrollutvalet skal bruke som grunnlag ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2024 til 2027.

## Risiko- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll

Kommuneleva § 23-4, 2. ledd bestemmer at kontrollutvalet minst éin gong i valperioden, og senast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide en plan for kva slags eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på en risiko- og vesentlegvurdering av kommunens og fylkeskommunens eigarskap. Hensikten med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll. Møre og Romsdal Revisjon SA har i denne rapporten utarbeidd en risiko og vesentlegvurdering som kontrollutvalet skal bruke som grunnlag ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll 2024 til 2027.

## Aktuelle område for og tema for forvaltningsrevisjon

Basert på gjennomført risiko -og vesentlegvurdering er følgande områder vurdert å ha størst risiko:

Berekraft og samfunnsutvikling	Samla risikovurdering
Strategisk og helhetlig planlegging av arbeidet med berekraftmåla Oppdaterte planverk	Middels (M/M-H)
Lokaldemokrati	Samla risikovurdering
Lokaldemokrati: Kvalitet i sakshandsaminga	Låg-Middels (L-M/M)
Openheit og innsyn: Meioffentligheit, internkontroll, innbyggjarane sin tilgang til informasjon	Låg-Middels (L-M/M)

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

<b>Tillitsskapende forvaltning</b>	<b>Samla risikovurdering</b>
Internkontroll, etterleving av system for internkontroll	Middels (M/H)
Avvikskultur- og handtering av avvik	Middels (M/M)
Interkommunale samarbeid	Middels (M/M)
Datasikkerheit og informasjonstryggleik	Høg (M/H og H/H)
Organisering av IKT-arbeidet	
Innkjøp og offentlege anskaffingar	Middels (M/H)

<b>Tenesteyting og myndigheitsutøving</b>	<b>Samla risikovurdering</b>
Klart språk	Middels (M/M)
Sjukefråvær	Høg (H/H)
Rekruttering	
Personalforvaltning og omstilling	
Oppvekst: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skulemiljø, oppfølging av Læringsmiljøprosjektet</li><li>• Rekruttering</li></ul>	Middels (M/M)
Helse og omsorg: <ul style="list-style-type: none"><li>• Omstillingsprosessar</li><li>• Rekruttering</li></ul>	Høg (H/H)
Bekjemping av fattigdom – er kommunen nok i forkant?	Middels (M/M)
Sårbare grupper	
Byggesakshandsaming	Høg (M-H/H)

## **Aktuelle selskap og tema for forvaltningsrevisjon i selskap**

Basert på gjennomført risiko- og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i Stranda Hamnevesen innan berekraft og om kommunen sine mål og strategiar vert følgd.

## **Aktuelle område for eigarskapskontroll**

Basert på gjennomført risiko- og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan følgjande tema:

- Grunnleggande eierstyring
- Eierstyring i einskilde føretak

Føretak:

- Stranda Eigedomsselskap AS
- Byrg kompetansesenter AS

## INNHALD

1.	INNLEIING .....	6
1.1	Bestilling .....	6
1.2	Risiko- og vesentlegvurdering .....	6
1.3	Forvaltningsrevisjon.....	6
1.4	Forvaltningsrevisjon i selskap kommunen eig .....	7
1.5	Eigarskapskontroll .....	7
1.6	Metode.....	7
1.7	Oppbygging av rapporten - lesarettleiing.....	10
2	OM KOMMUNEN .....	12
2.1	Organisering .....	12
2.2	Kommunen sin visjon, mål og satsingsområde.....	13
2.3	Økonomiske tal og måltal.....	15
2.4	Kommunebarometeret .....	16
2.5	Interkommunale samarbeid .....	17
3	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING FORVALTNINGSREVISJON.....	19
3.1	Berekraft og samfunnsutvikling .....	19
3.2	Lokaldemokrati .....	22
3.3	Tillitsskapande forvaltning .....	25
3.4	Tenesteyting og myndighetsutøvelse .....	36
3.5	Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon – oppsummering.....	50
4.	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAPER – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP .....	51
4.1	Innleiing .....	51
4.2	Om kommunalt eigarskap .....	51
4.3	Kjelder til data .....	53
3.6	Eigarskap i Stranda kommune .....	53
4.5	Risiko- og vesentlegvurdering - Eigarskapskontroll .....	54
4.6	Risiko- og vesentlegvurdering – Forvaltningsrevisjon i selskaper .....	56
	REFERANSELISTE .....	58

## 1. INNLEIING

### 1.1 BESTILLING

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd som grunnlag for kontrollutvalet si utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet i sak PS 03/25.

Kontrollutvalet skal syte for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollert. For å sikre at kommunestyret vel dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planane skal vere basert på risiko- og vesentlegvurdering.

I dette kapitelet ser vi nærare på kva risiko- og vesentlegvurdering, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er samt metode og kva for informasjonsgrunnlag vi har nytta som grunnlag for vurderingane våre.

### 1.2 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Formålet med risiko- og vesentlighetsvurderinga er å avdekkje dei områda der det kan vere størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det finst ingen spesifikke krav til korleis ein skal gjennomføre denne vurderinga, anna enn at ho skal byggje på ei evaluering av risiko og kva som er vesentleg.

Risiko omfattar potensialet for avvik frå regelverk, mål, vedtak og andre retningslinjer som kommunen har for verksemda. Risiko består av både sannsyn og konsekvensen av slike avvik. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv, inkludert økonomi, politikk, brukarbehov, medarbeidarinteresser, samt samfunns- og miljømessige omsyn.

Det finns ingen objektiv storleik som kan nytast til å avgjere kva som er vesentleg. For å prioritere mellom områda der det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet til slutt gjere ei skjønsmessig vurdering av kva område som er mest vesentleg.

### 1.3 FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader basert på vedtak frå kommunestyret eller fylkestinget.

Forvaltningsrevisjon fungerer som ein kontrollmekanisme mellom kommunestyret og administrasjonen samtidig som ho kan ha stor betydning for læring og utvikling.

Det er gjennomført to forvaltningsrevisjonar i Stranda kommune i førre periode (2019-2023): Vass og avløpssystem (2020) og kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa (2022).

## 1.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP KOMMUNEN EIG

Kontrollutvalet har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både internt i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i. Forvaltningsrevisjon kan i prinsippet utførast i alle typar selskap kommunen har eigarinteresser i.

Døme på tema for forvaltningsrevisjon i selskap inkluderer måloppnåing, offentlege anskaffingar, habilitet, etikk og samfunnsansvar, arbeidsmiljø og økonomisk drift. Krava til forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet dei same, uavhengig av om revisjonen vert utført i kommunen eller i eit selskap.

Når kommunen organiserer verksemda gjennom selskap, påverkar dette likevel moglegheitene for styring, innsyn og kontroll. Kontrollutvalet må derfor ta omsyn til spesifikke forhold ved forvaltningsrevisjon med selskap. Dette inkluderer eigne reglar for kontrollutvalets rett til innsyn i selskapet. Det kan også vere nødvendig å samordne kontrollen dersom fleire kommunar eig selskapet saman.

## 1.5 EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll handlar om å sjekke om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i tråd med lover, forskrifter, vedtak frå kommunestyret og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det er eit skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis syner likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i enkelte tilfelle kan vere vanskeleg å skilje dei. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er to ulike former for kontroll, og er regulerte i kvar sine paragrafar i kommunelova. Av den grunn blir områda omtalte i eigne kapittel.

## 1.6 METODE

### **Kva har vi gjort?**

Vi har arbeidd med å identifisere dei områda i kommunen som har størst risiko for feil og manglar. Dette kallar vi ein risiko- og vesentlegvurdering.

### **Korleis har vi gjort det?**

1. Vi har studert lover og rettleiingar. Vi har undersøkt kva lovgjevinga seier om risiko- og vesentlegvurdering, rettleiaren til NKRF for risiko- og vesentlegvurdering og andre gjennomførte vurderingar.

Vi har brukt kommunelova som utgangspunkt. Kommunelova definerer kva kommunen skal vere og gjere. Difor har vi nytta lova til å inndele kommunen sin verksemd i ulike


område. Kommunen skal tilby tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøve offentlig myndigheit og bidra til ein effektiv, tillitsskapande og berekraftig forvaltning.

Basert på kommunen sine ansvarsområde etter kommunelova har vi delt risiko- og vesentlegvurderinga inn i fire hovudområde:

- Berekraft og samfunnsutvikling
  - Lokaldemokrati
  - Tillitsskapande forvaltning
  - Tenesteyting og myndigheitsutøving
2. Vi har identifisert vesentlege risikoar for kommunane. Kva utfordringar møter kommunar generelt sett, korleis utviklar samfunnet seg, kva føresetnader har kommunane, kva må dei ta omsyn til, kva pålegg har dei, kva forventningar har dei til sittande politisk leiing, og kva er dei generelle risikoane i dagens samfunn? For å finne svar på dette har vi henta informasjon frå kjelder som Kommunanes Sentralforbund, Økokrim, Helsedirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har valt ut tema som vi meiner er vesentlege og utgjer ein risiko for alle kommunar. Innan kvart tema har vi identifisert moglege risikofaktorar som òg gjeld for alle kommunar.
- Desse er valde ut med bakgrunn i regelverk, element i internkontroll, andre risiko- og vesentleganalysar, forventningar frå Statsforvaltaren og vår eigen kunnskap på området. Risikofaktorane kan òg sjåast i samheng med områda ein forvaltningsrevisjon kan rettast mot, som er økonomi, produktivitet, regeloverhalding, måloppnåing og verknader.
3. Vi har vurdert risikoen i kommunen. Basert på informasjon vi har samla inn om kommunen, vurderer vi kva risikofaktorar som ser ut til å vere mest relevante for kommunen. Vi vurderer om risikoen er låg, middels eller høg. Risiko blir delt inn i sannsyn for at hendinga inntreff og konsekvensar om hendinga inntreff. Dette rangerer vi òg som låg, middels eller høg, og endar opp med ei vurdering av risiko. Dersom risikoen er høg eller middels, kjem vi med forslag til moglege tema for forvaltningsrevisjon.
4. Høyring av risiko- og vesentlegvurderinga til ordførar og kommunedirektør. Vi tek omsyn til innspel som kjem, og eventuelt justerer informasjon og vurderingar. Etter at steg fire er ferdig, sender vi risiko- og vesentlegvurderinga over til kontrollutvalet.
5. Kontrollutvalet bør i steg fem vurdere kva risikoområde som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll. Basert på den vurderinga, utarbeider kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll

*Tabell: En visuell fremstilling av korleis arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er løst i ulike steg (MRR SA).*





Vi summerer opp vår vurdering i følgende risikotabell:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå av sannsyn	Grunngjeving for nivå på konsekvens	Sannsyn	Konsekvens	Risiko-nivå
Aktuelle risiko-faktorer	Kort skildring	Kort skildring	Høg	Høg	●
			Middels	Middels	●
			Låg	Låg	●

**Risikofaktorane** er dei eller den mest relevante for kommunen.

**Grunngjevinga for nivå av sannsyn:** Korte skildringar av kva kommunen gjer (eller ikkje gjer) for å redusere risiko.

**Grunngjevinga for konsekvensnivået:** Kan sjåast frå ulike perspektiv og skildrar konsekvensane om risikofaktoren skulle inntreffe.

**Sannsyn:** Vår vurdering av om det er lågt, middels eller høgt sannsyn for at vald risikofaktor inntreff.

**Konsekvens:** Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg konsekvens om vald risikofaktor inntreff.

**Risikonivået:** Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg risiko.

Vår vurdering av risiko- og vesentlegheit fører til forslag til tema for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll der det er aktuelt.

---

## INFORMASJONGRUNNLAG OM KOMMUNEN

For å skaffe informasjon om risikoområde i kommunen, har vi nytta informasjon frå ei rekkje kjelder:

- Dialog med kontrollutvalet 2019-2023 og kontrollutvalet 2023-2027
- Oppstartmøte med kommunedirektør og ordførar.
- Spørjeundersøking til politikarar og administrasjonen i kommunen
- Intervju med kommunalsjef helse og omsorg
- Intervju med kommunalsjef oppvekst
- Faktasjekk i kommunen
- Kommunens planar
- Rapporteringar
- Kommunens eigarskapsmelding (2018)
- Kommunebarometeret for 2023
- Statsforvaltaren sin tilsynskalender
- Forenkla etterlevingskontrollar 2019-2022
- Revisjonens erfaring/kunnskap om kommunen frå tidlegare revisjonar

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant leiarar og politikarar (gruppeleiarar) i kommunen. Blant leiarane var det 40 % svar (til saman fire av ti personar svarte), og blant politikarane var det 67 % svar (til saman fire av seks personar svarte). Svara frå undersøkinga blir nytta som eit supplement til informasjon vi innhentar frå fleire kjelder. Vi har hatt dialog med oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Rapporten er sendt på faktasjekk til kommunen og ordførar, og vi har teke med innspel og tilbakemeldingar frå desse.

---

## AVGRENSNINGAR

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut frå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysen er vidare avgrensa av ressursar vi har hatt til rådvelde. Vi påpeikar at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjønn, og skal ikkje tolkast som eksakt vitenskap.

---

## BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vi har valt å halde vurderinga på eit overordna nivå. Når ein forvaltningsrevisjon skal bestillast av kontrollutvalet, er det naturleg at detaljeringsgraden innan det valde området blir skjerpa. Her ser vi føre oss at risikofaktorane kan vera til god nytte.

### 1.7 OPPBYGGING AV RAPPORTEN - LESARETTLEIING

I kapittel blir det gitt ein oversikt over kommunen si organisering, økonomi, mål, resultat frå Kommunebarometeret, interkommunale samarbeid og eigarskap.

Kapittel tre består av risiko- og vesentlegsvurderinga for forvaltningsrevisjon. Vurderinga er delt inn i fire hovudområde. Innan kvart hovudområde kan det være fleire underområder. Kvart underområde vil være bygd opp på same måte:

1. Kort innleiing om temaet, kvifor området er vesentleg og kva som er moglege risikoar. Dette gjeld for alle kommunar.
2. Liste over moglege risikofaktorar innan området. Gjeld òg for alle kommunar.
3. Data om Stranda kommune og eventuelle risikoreduserande tiltak.
4. Vår vurdering og ein tabell som oppsummera risikovurderinga vi har gjort.
5. Eventuelt forslag til aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Kapittel tre avsluttast med ein oversikt over risikoområder med middels og høg risiko- og vesentlegvurdering.


Kapittel fire handlar om risiko- og vesentlegsvurdering i selskap, både forvaltningsrevisjon i selskapa og eigarskapskontroll.

## 2 OM KOMMUNEN<sup>1</sup>

I dette kapittelet ser vi på kommunens mål og satsingsområde, økonomi, samarbeid og eigarskap. Det gir ein bakgrunn for risiko- og vesentlegvurdering.


### 2.1 ORGANISERING

Kommunestyret i Stranda består av 23 representantar og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar. Det er i tillegg 8 utval i Stranda kommune; Kommuneplanutvalet, Fast utval for plansaker, Helse-, oppvekst og kulturutvalet, Levekårsutvalet, Partssamansett Utval, Utval for miljø og kommunalteknikk, Utval for klagesaker, Utval for viltforvaltning og Utvalet for viltsaker. Kontrollutvalet har og 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval som Eldreråd, Ungdomsrådet og Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting (kommunens heimeside).



<sup>1</sup> Kommunedirektøren opplyser at kommunen vil sjå på organisasjonsforma i samband med planprosessen framover. Kommunen planlegg ein gjennomgang av alle kommunalområder i løpet av hausten 2024 og våren 2025, og ein vil deretter ta stilling til korleis organisasjonen skal sjå ut. I dette arbeidet vil involvering av politisk nivå, arbeidsmiljøutvalet og tillitsvalde vil bli vektlagt.

## Stranda kommune - Organisasjonskart



## 2.2 KOMMUNEN SIN VISJON, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Kommuneplanen er ein overordna plan for samfunnsutviklinga i perioden. Stranda har ein samfunnsdel som gjeld for perioden 2019-2031. Det føreligg ikkje nyare kommuneplan på kommunens nettstad. Samfunnsdelen vart vedteken av kommunestyret 113.02.2019. Kommuneplanens samfunnsdel tek føres seg kommunens vurdering av **status, utviklingstrekk og utfordringar innan åtte fokusområde**. Desse er:

1. Bygd- og tettstadutvikling
2. Helse og omsorg

3. Barn og unge
4. Samferdsel og infrastruktur
5. Samfunnstryggleik
6. Natur og friluftsliv
7. Kultur, kulturmiljø og idrett
8. Næringsliv og sysselsetting

På bakgrunn av dei åtte fokusområda vil kommunen satse på **tre hovudtema** som kvar er utstyrt med ei rekkje **mål og strategiar**. Desse er:

1. Bygdeutvikling – levande bygdelag
2. Næringsliv – på veg mot ei innovasjonsklynge
3. Turisme – vekst gjennom heile året og i heile kommunen i samspel med natur, lokalsamfunn og næring

I økonomiplanen for 2024-27, som kan tene som kommuneplanen sin **handlingsdel**, heiter det at kommuneplanen har **visjonen** om at:

*Stranda kommune skal vere eit samfunn der utvikling og trivsel står i sentrum, og gjer kommunen trygg og god å bu og leve i for alle aldersgrupper.*

Dei **overordna måla i kommuneplanen** er i økonomiplanen skildra som å:

- Leggje til rette for ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet der målet skal vere å ta vare på og styrkje busetnaden og folketalet i heile kommunen.
- Ha ein målretta infrastruktur som sikrar innbyggjarane sine behov for arbeid, bustad, tryggleik, kultur og miljø, å syte for gode tenestetilbod innan for helse, omsorg, oppvekst og utdanning.
- Ha ein organisasjon som er open og publikumsvennleg, der det vert lagt vekt på effektivitet, kvalitet, samarbeid og informasjon, og der innbyggjarane sine behov står i sentrum.
- Føre ei kontinuerleg og samordna planlegging som sikrar kostnadseffektiv drift av kommunen, og som varetek måla der resultatet er målbart.

Angående kommuneplan skriv kommunedirektøren til revisjonen at det vert arbeidd med ny samfunnsplan som har grunnlag i den tidlegare, planstrategien som har vore ute på høyring. Ein del av planane er framskunda i 2024 for å kunne realisere planar framover. Det er naudsynt at all overordna planverktøy heng saman med dei ulike handlingdelane og planstrategien. Arealdelen treng ei oppdatering for å redusere ressursbruk.

Investeringsplan og økonomiplan må henge saman med overordna kommuneplan (samfunnsdel og arealdel). Det er viktig for å få den utviklinga som ein søker og som er naudsynt.

## 2.3 ØKONOMISKE TAL OG MÅLTAL

Ifølge årsmeldinga for 2023 skal dei finansielle måltala til kommunen sikre at den økonomiske handlevna vert ivaretatt over tid. Dei skal, saman med realistiske planar, vere eit verktøy som sikrar ei langsiktig og planmessige styring og utvikling av kommunen sine tenester og økonomi. Stranda kommunestyre vedtok i 2019 følgjande måltal ein skal styre mot:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75%.
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 10 %.
3. Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%

Årsmeldinga for 2023 legg fram det konsoliderte brutto driftsresultatet slik:

- Stranda Hamnevesen KF 25,7 mill. kroner
- Stranda kommune 5,5 mill. kroner

Etter finanspostar viser konsolidert netto driftsresultat 24,6 mill. kroner. Dette fordeler seg slik:

- Stranda Hamnevesen KF 24,6 mill. kroner
- Stranda kommune - kr 25 264,-

**Det positive netto driftsresultatet gjeld med andre ord hamnevesenet.** Det er ikkje heilt uvanleg å operere med omgrepet korrigert netto driftsresultat, der ein tek omsyn til avsetning og bruk av bundne fond. Korrigert netto driftsresultat for Stranda kommune utan føretaket var 1,15 mill. kroner.

Resultatet syner at kommunen er i ein **særs utsett økonomisk situasjon**, som er noko betre medrekna inntektene frå hamnevesenet. Ifølge hamnevesenet si eiga årsmelding skuldast det gode resultatet mellom anna den svake kronekursen og fleire cruisepassasjerar enn først innmeldt. Tabellane under gir ei oversikt over driftsresultatet med og utan inntektene frå hamnevesenet.

Tabell *utan* hamnevesenet

	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat 2020	-0,1			
Disposisjonsfond 2020	1,9			
Netto lånegjeld 2020	143,3			
Netto driftsresultat 2021	0,2			
Disposisjonsfond 2021	1,2			
Netto lånegjeld 2021	140,3			
Netto driftsresultat 2022	-0,7			
Disposisjonsfond 2022	1,4			
Netto lånegjeld 2022	141,9			
Netto driftsresultat 2023	-0,01			
Disposisjonsfond 2023	1,5			
Netto lånegjeld 2023	136,2			

 Tabell *med* hamnevesenet

	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat 2020	-1,8			
Disposisjonsfond 2020				8,7
Netto lånegjeld 2020	168,4			
Netto driftsresultat 2021	-0,3			
Disposisjonsfond 2021			7	
Netto lånegjeld 2021	150,6			
Netto driftsresultat 2022				2,4
Disposisjonsfond 2022				9,7
Netto lånegjeld 2022	142,5			
Netto driftsresultat 2023				4,4
Disposisjonsfond 2023				13,6
Netto lånegjeld 2023	134,2			

## 2.4 KOMMUNEBAROMETERET

Kommunebarometeret er ein samanlikning av kommunane basert på 155 nøkkeltal innan 12 sektorar (Kommunal Rapport 2023). Hensikta er å gje ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunane driv. Resultatet gir ein indikasjon, sjansen til å stille spørsmål og ikkje minst lære av andre kommunar. Tala er i hovudsak henta frå SSB sin KOSTRA-database for 2022. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

I det førebelse barometeret er kommunane rangert etter ujustert poengsum. Kommunane blir rangert innan kvar einskild nøkkeltal, kvar sektor og totalt. Karakteren speglar kommunen si plassering i sektoren relativ til dei andre kommunane. Karakteren blir med andre ord ikkje satt ut frå definerte kriteria for kva som er objektivt «bra» eller «dårleg». Eit rødt nøkkeltal betyr at dei fleste andre kommunane gjorde det betre. For somme nøkkeltal gjer heile Kommune-Noreg det



bra. Så bra, at sjølv dei kommunane som kjem ut lågt, ligg godt over normer og over minimumskrav til tenesta.

I kommunebarometeret for 2023 kan vi lese følgande oppsummering om Stranda kommune:

*Kommunen havner litt under midten av totaltabellen. Stranda havner på en 203. plass i årets endelige utgave av Kommunebarometeret fra Kommunal Rapport. Da har vi justert plasseringen med hensyn til økonomiske rammebetingelser. Ser vi bare på nøkkeltallene og ignorerer økonomiske forutsetninger, er kommunen på en 233. plass.*

Stranda havner i «raud» gruppe i seks<sup>2</sup> av tolv kategoriar. For **pleie og omsorg** er det særleg låg andel ansatte har fagutdanning, lite tid med lege for sjukeheimsbebuarar og låg andel som får dekt bistand til fritidsaktivitetar som trekk ned. For **barnevern** kjem det fram at mange born under omsorg manglar omsorgs- og tiltaksplan, medan det for **kultur** kjem fram at driftsutgiftene til kommunen i relativt liten grad går til aktivitetstilbod til born og unge, idrettsanlegg og frivillige.

I kategorien **sakshandsaming** er det andel saker med fristbrot og gjennomsnittleg sakshandsamingstid som trekk ned snittet. For **økonomi** bidreg relativt høg renteeksponert gjeld, lavt disposisjonsfond og netto driftsresultat til at Stranda ligg bak landsgjennomsnittet.

Kommunedirektøren skriv i ein generell kommentar at dette er riktig og kjend informasjon som ein må og tek på alvor.

## 2.5 INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg tilgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid.

Ifølge KommuneLOVA skal kommunar minst éin gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget. Stranda si siste eigarskapsmelding er frå 2018 og kommunestyret vedtok 20. mars 2024 i sak 025/24 plan for arbeid med ny eigarskapsmelding.

Lista under er ei ikkje-uttømmende oversikt over Stranda sine interkommunale samarbeid og selskap basert mellom anna på eigarskapsmeldinga frå 2018.

---

## INTERKOMMUNALE SAMARBEID DER STRANDA KOMMUNE ER VERTSKOMMUNE

- Stranda og Fjord barnevern
- Gjesteelever Stranda-Fjord

---

<sup>2</sup> Stranda får òg raudt resultat for kategorien «sosialtjenesten», men tala for denne kategorien kjem av ukjende grunnar ikkje fram.

- Gjestebarnhageplasser Stranda-Fjord
- Veterinærvaktområde Stranda-Sykkylven
- Felles brannsjef Stranda-Fjord
- Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

---

## SAMARBEID DER ANDRE KOMMUNER ER VERTSKOMMUNE

- Sunnmøre friluftsråd (KO)
- Sunnmøre regionråd
- Kommuneadvokat Ålesund-Stranda
- Regional innføringsleder for Helseplattformen på Nordre Sunnmøre
- Storfjordsambandet AS
- NAV Sykkylven-Stranda
- Nordre Sunnmøre oppvekstsamarbeid
- Krisesenter for Sunnmøre
- Barnevernsvakta på Sunnmøre
- Overgrepsmottaket i Ålesund
- Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde
- Sykkylven-Stranda interkommunale legevakt
- Ålesund interkommunale legevakt
- Sunnmøre regionråd IKS
- Krisesenter for Sunnmøre
- Barnevernsvakta på Sunnmøre
- Nordre Sunnmøre oppvekstsamarbeid

---

## KOMMUNALE SAMARBEID OM TJENESTER LAGT I SELSKAPER

- Attvin AS
- Attvin Næring AS
- Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF
- Sunnmøre innkjøpssamarbeid
- IUA Sunnmøre kommunalt oppgåvefelleskap (IUAS)
- Biblioteksentralen SA
- Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Personvernombud IKA Møre og Romsdal IKS
- Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- Åknes/Tafjord Beredskap IKS
- Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS

---

## KOMMUNENS EIGARSKAP OG SELSKAP

### AKSJESELSKAP (AS)

- Attvin AS
- Attvin Næring AS
- Tussa Kraft AS
- Stranda Eigedomsselskap AS
- Byrg Kompetanse AS
- Muritunet AS

### KOMMUNALE FØRETAK

- Stranda Hamnevesen KF

### INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS) og SAMVIRKE (SA)

- Møre og Romsdal Revisjon SA
- Storfjord Kulturhus SA

## 3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING FORVALTNINGSREVISJON

### 3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å **utrydde fattigdom, motverke skilnad og stoppe klimaendring** (FN-sambandet 2023). To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre bli nådd gjennom lokal innsats, noko som gir kommunane ei avgjerande rolle i arbeidet.

**Planlegging** er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom en strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir. Regjeringa og Statsforvaltaren ventar at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging.

Det generelle kostnadsbilete er aukande, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Utrekningar viser at kommunesektorens årlege kostnadsvekst, som følgje av endringar i demografien, om få år vil vere to til tre gonger så høg som i 2022 (KS 2023:15). Mange kommunar har ein krevjande **økonomi** med høg gjeld og høgare driftsutgifter enn -inntekter. Kommunane må planlegge for å **tilpasse drifta til inntektene**. Kommunane skal nytte **finansielle måltal** som verktøy i styringa av økonomien. Kommunane står ovanfor tøffe prioriteringar framover, og må planlegge **strategisk og samla** (Statsforvaltaren sitt forventningsbrev for 2023).

Kommunane har ein stor oppgåve i å **få ned klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima**. Den verksemda kommunen legg opp til må sette minst mogleg fotavtrykk i miljøet. Vi byggjer ned naturen, og mange artar er borte, eller sterkt trua. Freding av naturområde og matjord må få større merksemd. Noreg har plikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Dette krev at kommunane tek grep om samfunnsutviklinga på den måten dei kan.

#### MOGLEGE RISIKOFAKTORAR

- Berekraftsmåla er ikkje satt i samanheng
- Ulike berekraftsmål kan å vere i konflikt med kvarandre
- Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftsmåla
- Drifta er ikkje tilpassa inntektene
- Planlegg ikkje langt nok fram i tid
- Samfunnsdelen blir vedteke seint i kommunestyreperioden (KS 2022:42)
- Manglande kopling mellom samfunnsdel og andre planer, budsjett og økonomiplan
- Mangelfull oppfølging av tiltak
- Arbeider ikkje for å bevare naturmangfald
- Prioriterer ikkje å redusere klimagassutslepp
- Gjennomfører ikkje konkrete klimatiltak (gjennom klimabudsjett/styringsverktøy)

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

---

## OPPLYSNINGAR OM KOMMUNEN

I nemnde økonomiplanen for 2024-27 heiter det at kommunen dei siste åra hatt eit nivå på drift som ikkje er berekraftig korkje økonomisk eller når det kjem til tilgangen på kompetanse i framtid, og ekstern hjelp er hyra inn for å sjå på kommunen si organisering og ressursbruk. Målsettinga er at kommunen skal få «**ein sunn økonomi som skal sikre innbyggjarane eit godt og mangfaldig tenestetilbod – ikkje berre i 2024, men også i framtida.**» Meirforbruk i 2023 knytte seg i hovudsak til kommunalteknikk (veg og brann) og helse og omsorg (vikarbruk, overtid). I Kommunebarometeret er det særleg høg renteeksponert gjeld og relativt svakt netto driftsresultat som trekk Stranda ned på økonomiindikatoren.

Når det kjem til målsettinga om **bygde/folketalsutvikling** har ein ifølge årsmeldinga mellom anna tatt imot 40 flykningar og arbeid for etablering av leilegheiter i alle bygdelag. På **næringslivssida** har arbeidet i stor grad retta seg mot støtte til gründerar og tilrettelegging for satsingar innan mat og drikke. Med mål om **auka vekst i reiseliv** har Stranda mellom anna vedteke ein reisemålsplan for heilårsturisme for 2024-28, resertifisert kommunen som berekraftig reisemål og arbeid for heilårsopen fylkesveg mot aust. Vidare skal satsinga på «kvalitetsturisme» legge betre til rette for dei som kjem «slik at natur og infrastruktur ikkje forringast av turistmengda.» Til sist er det utarbeidd ein masterplan for Geiranger viss mål og strategiar skal integrerast i vidare handlingsplanar, sektorplanar og kommune(del)planar.

Når det kjem til **klima** sei kommuneplanen at kommunen skal redusere klimautslepp, forureining og miljøskadar « ved å stille krav til miljøvennlege metodar, utstyr og produkt ved innkjøp av tenester i kommunen», men vi finn avgrensa rapportering på slike tiltak i årsmeldinga. Statsforvaltaren skildrar kommunen sin klimaplan som «god», men krev oppfølging. I økonomiplanen for 2024 vert utskiftingar av varmeanlegg ved fleire offentlege bygg lista som klimatililtak. Utover reiselivstiltaka nemnd over er tiltaka for **naturvern/naturmangfald** hovudsakeleg å finne innan investeringar i reinsing av avløpsvatn og liknande. Med unnatak for auka utslepp frå vegtrafikk, fer Stranda gode resultat for klima og natur med Kommunebarometeret. Statsforvaltaren peikar i sitt kommunebilete på at Stranda ikkje har ein kommunedelplan for naturmangfald, og har mange område med kalk- og edellauvskog.


I møtet med kommunen kjem det fram at plansystemet er under revidering og ein inneleigd ressurs vil ta del i dette arbeidet. I spørjeundersøkinga svarar minst ein respondent at behovet for å omstrukturere tenestene til kommunen som følgje av endringar i folketal ikkje er tilstrekkeleg erkjent av politikarane. Vidare vert det peikt på høge låneutgifter og behov for investeringar i skule, helse og omsorg i åra framover. «Strategisk og heilheitleg planlegging av arbeid med berekraftsmåla» vert trekt fram som eit sentralt sektorovergripande område med stor risiko. Kommunedirektøren skriv at arbeidet med å oppdatere planverket har starta, og peikar på viktigheita av å forankre arbeidet i kulturen i Stranda og gode rutinar for rullering og etterleving av planane gjennom arbeidsgjevarstrategi og handlingsplanar.

## VÅRE VURDERINGAR

Stranda sin kommuneplan ser ikkje ut til å vere forankra i eit overordna rammeverk for berekraft som til dømes FN sine berekraftsmål. Økonomiplanen for 2024-27 inneheld nokre referansar til FN sine mål på energi- og klimafeltet, men dette er ikkje gjennomgåande. For Stranda knyt berekraft seg i all hovudsak til bygde- og folketalsutvikling, kommuneøkonomi og reiseliv.

Når det kjem til naturmangfald er det høg bevisstheit om kor sentral Stranda-naturen er for lokal identitet og reiselivet, inkludert negative følger av høg turisttilstrøyming som tap av urørt natur og konflikt med lokalbefolkninga. Vi er like fullt usikre på i kva grad planverket er oppdatert på området.

Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Manglande strategisk og heilskapleg planlegging av arbeidet med berekraftsmåla  Moglege utdaterte planar	Lite konkretisering av berekraftsmål som naturmangfald og fattigdom.	Kommunen vil ikkje nå de mål dei sett seg.  Tap av naturmangfald.  Kommunen får ikkje ei berekraftig drift.	M	M-H	M 

Vi vurderer følgande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Strategisk og heilskapleg planlegging av arbeidet med berekraftmåla.
- Oppdaterte planverk

## 3.2 LOKALDEMOKRATI

### VILKÅR FOR LOKALDEMOKRATIET

Lokaldemokrati kan bli sett på som eit ideal der man vektlegg aktiv deltaking i styring og utforming av politikk. Ytringsfridom, deltaking, organisasjonsfridom og likestilling er sentrale demokratiske rettar. Eit velfungerande demokrati er vidare avhengig av at styreorgana fungerer, og at einskilde grupper ikkje får for mykje makt eller blir diskriminert. 85 % av innbyggjarane meiner kommunestyret i eigen kommune er viktig for demokratiet i det norske samfunnet (KS 2022:64).

### Moglege risikofaktorar

- Politiske vedtak blir ikkje gjennomført
- Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande
- Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk
- Avgrensa ytringsfridom
- Vilkår for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande
- Einskilde grupper får for stor makt
- Truslar og hets mot folkevalde og administrasjon
- Haldningar i samfunnet
- Låg valdeltaking
- Likestillingsarbeid er dårleg forankra blant tilsette og i leiinga
- Lite merksemd på aktivitetsplikta etter diskrimineringslova
- Mangelfull kartlegging av utfordringar
- Mangelfull opplæring av folkevalde
- Lite innbyggarmedverknad

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

### Opplysningar om kommunen

Stranda ligg på 166. plass på openheitsbarometeret for 2023 og klatrar 30 plassar frå 2022. Det vil seie at Stranda gjer det litt betre enn landsgjennomsnittet, men er på nest siste plass i Møre og Romsdal.

Stranda har **innsynsløysning** med fulltekstdokument liggande på nett og eit informasjonsskriv om innsyn. Den elektroniske postjournalen er tilgjengeleg to dagar etter journalføring. Dokument til politiske møter vert normalt lagt ut ei veke før møtet, samt når protokollen er ferdig.

Stranda kommune hadde ei **valdeltaking** på 63,4 % ved kommunestyrevalet i 2023. Det er om lag det same talet som for kommunestyrevala i 2019 og 2015.

I årsmeldinga rapporterast det på **likestillingssituasjonen**- og arbeidet. Kommunen er sjeldan i ein situasjon kor ein kan velje det kjønnet som er underrepresentert. Når det kjem til løn er det liten skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa. Det er utarbeidd retningslinjer for å

reducere delen av uønskt deltid i kommunen, og ei rekkje andre tiltak er sett i verk for å fremje likestilling.

Stranda sine kommunestyremøte vert sendt i kommunen sin **kommune-tv-funksjon**, og den er innretta slik at ein kan leite fram til ønska sak. Openheitsbarometeret peikar på at andre politiske møte ikkje er tilgjengelege ved strømming.

Kommunen legger til rette for **medverking i planprosessar** gjennom eldreråd, ungdomsråd og råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting. Det vert haldt dialogmøte fleire gongar i månaden kor det er lagt til rette for at småbornsforeldre kan ta del. Ifølge ordførar og kommunedirektør har ikkje kommunen fått kritikk angående saksutgreiing, men systemet for oppfølging av vedtak har vore haltande og Stranda tek sikte på å orientere om status ein gong i halvåret frå no av.

I spørjeundersøkinga vert **mangelfull saksutgreiing** like fullt trekt fram av ein respondent som ei av dei største utfordringane i kommunen. Respondenten skriv at dei folkevalde får altfor lite informasjon, gjer som følgje av dette truleg dårlege tiltak og må ofte finne informasjon andre stader». På spørsmål om utfordringar knytt til å sikre eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre heiter det at saksutgreiing/avgjerdsgrunnlag «er til tider særst tynt.» I tillegg vert «sakshandsaming» føreslått som prioritert tema for forvaltningsrevisjon og tema «sakshandsaming og klagesakshandsaming» vert heldt fram som eit av to sektorovergripande område kor kommunen har størst utfordringar.

Ifølge Statsforvaltaren sin innsynskalender er det i perioden 2020-2024 er utført seks tilsyn i Stranda kommune, medan eitt tilsyn om drikkevatt er under planlegging. Det er i tillegg utført to forvaltningsrevisjonar i perioden om vass- og avløpssystem og kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa (Tilsynskalender og Møre og Romsdal Revisjon). Kommunen opplyser at det er gjennomført opplæring av folkevalde saman med Statsforvaltaren, men det kjem ikkje fram kva opplæringa bestod i.

## Våre vurderingar

Stranda ligg eit stykket bak resten av fylket på openheitsbarometeret. Innspela vi har motteke syner òg forskjellige syn på nivået på saksutgreiing og informasjonen til politikarane.

Risikonivået vert difor sett til middels.

Risikofaktorar	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Vilkår for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande.	Blanda tilbakemeldingar om kvaliteten på saksutgreiinga og om Stranda har eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre.	Svekket tillit til lokaldemokratiet og føre til ineffektiv styring. Politikarar forstår ikkje saksframlegg/grunnlag for vedtak.	L-M	M	L-M 

Vi vurderer følgande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Kvalitet i sakshandsaminga

## OPENHEIT OG INNSYN

Å vere open og gje innsyn er somme av dei viktigaste føresetnadane for eit velfungerande demokrati. Kommunen si verksemd skal være open og transparent. Kommunen og andre offentlege etatar har ansvar for å dokumentere sine aktivitetar.

Pressen sitt offentleg utval og Kommunal Rapport har i 2021 undersøkt kor opne kommunane er, det vil seie i kva for grad dei gir tilgang til politiske dokument og sikrar eit generelt innsyn i forvaltninga og dei politiske avgjerstene. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal er Noregs mest opne fylke. Undersøkinga viste at store kommunar er meir opne enn små kommunar, bruken av styrevervregistret er uendra sida 2018 på 79 prosent og 20,4 prosent av kommunar opplyser å ha søkefunksjon i postlista (Pressens faglege utval 2022).

### Moglege risikofaktorar

- Manglande merksemd på meiroffentlegheit
- Manglande kommunikasjonsstrategi
- Manglande krav til korleis tilsette skal møte publikum
- Mangelfull handsaming av arkivverdige materiale
- Manglande protokollføring og postjournal
- Svak internkontroll
- Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir offentleggjort
- Auka grad av digitalisering og mangfald av digitale kommunikasjonsformer
- Oppfølging av rettleiingsplikta

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.


### Opplysningar om kommunen

I oppstartsmøtet vert forholdet mellom politisk nivå og administrasjonen skildra som ope og relativt godt. Heimesida til kommunen er enkel og oversiktleg, men manglar nyvinningar som chatbot. Det er usikkert om alle høyringssaker er lett tilgjengeleg på heimesida, og ei oversikt over den administrative organiseringa er etter kva vi kan sjå ikkje tilgjengeleg. Som nemnd over er postlista, søkefunksjonen for dokument og møtekalenderen lett tilgjengeleg. I spørjeundersøkinga svarar minst ein respondent at kommunen er for dårlege på å få informasjon ut til innbygarane, både om pågåande prosessar og planlagde endringar i tilbod og liknande. Etter kva vi kan sjå inngår nyttar ikkje kommunen sosiale media for kommunikasjon og deling av informasjon med innbygarane. Ingen av respondentane i undersøkinga held fram området openheit og innsyn som eit særskilt risikoområde.



## Våre vurderingar

Vi har ikkje funn som seier at dette området har særskilt høg risiko. Tilbakemeldingar i spørjeundersøkinga og manglande publikasjonar av høyringssaker på heimesida, som i det store og heile er relativt enkel, gjer likevel at vi vurderer samla risikonivå på området til middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Høyringssaker vert ikkje publisert på heimesida.	Relativt «tynn» heimeside.	Negativt for tillit og omdømme.	L-	M	L-M
Auka grad av digitalisering og mangfald av digitale kommunikasjonsformer	Svar i spørjeundersøkinga seier at kommunen er for dårleg på å få ut viktig informasjon	Mangelfull informasjon til innbyggjarar	M		

Vi vurderer følgande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Meiroffentlighet, internkontroll, innbyggjarane sin tilgang til informasjon

### 3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING

Tillit er viktig for samspelet mellom kommunar, næringsliv, frivillige og innbyggjarar, og er ein del av det FN omtalar som sosial berekraft. Høve som **avdekka korrupsjon, manglande innsyn, manglande system til å ta opp kritikkverdige høve** eller **manglande internkontroll**, kan svekke kommunen sin legitimitet og styringsevne.

Folkeundersøkelse fra 2017/2018 viser at både innbyggere og folkevalgte er mest fornøyd med kommunenes evne til å levere tjenester i samsvar med innbyggernes behov og at folkevalgte har god styring (KS 2022:52).

---

## INTERNKONTROLL

God internkontroll er essensielt for å sikre gode og riktige teneste, at lover og føreskrifter blir fulgt og at kommunestyret sine vedtak blir fulgt opp. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve. Med den nye kommunelova kom skjerpa krav til rapportering om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn frå kommunedirektøren til kommunestyret.

### Moglege risikofaktorar

- Manglande risikokartlegging
- Mangelfull internkontroll
- Auka krav til internkontroll
- Feil prioriteringar
- Manglande kompetanse og ressursar
- Mangelfull rapportering på internkontroll
- Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

### Opplysningar om kommunen

I oppstartsmøtet stadfestar kommuneleiinga at ein treng å jobbe mykje meir med internkontroll framover. Dei einskilde leiarane må ta meir ansvar for internkontrollen på sine ansvarsområde og «halde orden i eige hus». Stranda fortel at dei har tatt i bruk Ørsta kommune sin mal for internkontroll, og har ifølgje årsmeldinga «eit heilskapleg kvalitetssystem som omfattar tilsette og drifta av kommunen». Det er vidare oppretta kvalitetsgrupper i kvar enkelt eining. Kvalitetsgruppene er samansett av einingsleiar, verneombod og tillitsvald eller ein tilsettrepresentant. Kvalitetsgruppene rapporterer til kvalitetsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Systemet (Compilo) «inneheld avviksmodul, varslingsmodul, dokumentbibliotek, ROS modul, GDPR modul og årshjul og sikrar at Stranda kommune planlegg, organiserer, utfører og held ved like sine aktivitetar i samsvar med gjeldande regelverk og mål for verksemda.» Når det kjem til **avvik** er systemet ifølgje kommuneleiinga ikkje «komplett», men dei trur ikkje at Stranda er langt unna andre kommunar på dette området.

Statistikken syner at det vart meldt 411 avvik i Compilo i 2023. 94% hadde ved årsslutt status som lukka, og ca. ein fjerdedel av avvika har nemninga «høg alvorsgrad». Årsmeldinga melder at ein minner stadig om at avvik skal meldast samtidig som ein arbeider kontinuerleg med opplæring i avvik- og kvalitetssystemet for å få fleire til å rapportere inn avvik og forstå viktigheita av dette. Til dette arbeidet høyrer leiinga sin årlege gjennomgang av internkontrollsystemet på IT-området med vekt på behandling av personopplysningar.

I økonomiplanen for 2024 kjem det fram at ei **nedbemanning** på eitt årsverk innan HMS/internkontroll vert vidareført i 2024. Ifølge planen vil dette føre til «dårlegare kvalitet på arbeidet og mindre oversikt over HMS/ internkontrollarbeidet ute i einingane.»

I spørjeundersøkinga vert internkontroll haldt fram som eit tema som bør prioriterast for forvaltningsrevisjon, og som eit sektorovergripande område kor kommunen har størst utfordringar. Ein respondent har inntrykk av at kommunen har låge tal på avviksmeldingar, som hen trur kan tyde på mangelfull forståing av kva som er avvik og ikkje. Dette kan særleg gjelde innan kommunalteknikk.

## Våre vurderingar

Kommunen arbeidar vidare med overordna internkontroll og ute i einingane. Bortfall av eitt årsverk på området i lag med bekymringa uttrykt i spørjeundersøkinga gjer at vi vurderer samla risiko for området som middels.

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Overgang til nytt system	Malen frå Ørsta framleis under implementering	Tiltak målrettast ikkje. Feilprioriteringar.	M	H	M
Færre ressursar	Eitt årsverk innan internkontroll falt bort	Svekka omdømme og tillit.			
	Internkontroll framheva i spørjeundersøkinga	Kan gå ut over kvaliteten på tenestene.			

Vi vurderer følgande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon: Internkontroll, etterleving av system for internkontroll.

---

## ETIKK OG VARSLING

Undersøkingar har vist at om lag halvparten av ordførarar og leiarar har sjølv opplevd ein situasjon med press om uetisk åtferd eller tilbod om utilbørleg fordel. Samtidig meiner fleirtalet i DFØ sin Innbyggjarundersøking i 2021 at det offentlege handsamar alle grupper rettferdig, medan delen som ikkje er semd i det utgjer 26 prosent. I KS Lokaldemokratiundersøking 2017/18 kjem det fram at mange meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen får betre ivaretatt sine interesser, samstundes som dei ikkje trur at folkevalde utnytt makta for eigen del (KS 2022).

Ein rapport frå Transparency International viser at innbyggjarane i Noreg har høg tillit til myndigheitene. Samstundes peiker rapporten på at det høge tillitsnivået i Noreg må bli ivaretatt. Blind tillit og overdriven tru på at korrupsjon skjer andre stedar enn i Noreg utgjer i seg sjølv ein korrupsjonsrisiko (Økokrim 2022). Det er Transparency International Norge sitt inntrykk at mange er villige til å risikere svært mykje, både når det gjeld straff og omdømmetap, for relativt lite (NKRF 2023).

## Moglege risikofaktorar

- Manglande eller eldre etiske retningslinjer
- Manglande eller svak internkontroll
- Mangelfull opplæring i etikk
- Kommunen har ikkje oppdatert rutinane for varsling
- Varslingsrutinane er ikkje godt nok kjent
- Varsling blir ikkje følgt opp
- Det er ikkje trygt å varsle
- Det blir ikkje lagt til rette for varsling
- Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar om kommunen

Kommunestyret i Stranda har vedtatt etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde som pålegg kommunestyret, kommunedirektøren og einingsleiarane «å utvise eit leiarskap basert på høg etisk standard.» Alle nytilsette får i tillegg tilsendt til ei kvar tid dei gjeldande **etiske retningslinjer**. Det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved opplæring av folkevalde. I tillegg har Stranda utforma «Retningslinjer for sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming i Stranda kommune» som vart framlagt for kommunestyret.

Kommuneleiinga informerer i oppstartsmøtet at dei har eit system for varsling, men at dei enno ikkje har hatt saker som har «testa» **varslingsregimet**. Dei har heller ikkje tatt nye tilfelle av alvorleg hets og liknande som har gjort det naudsynt å involvere politiet, slik som i eit tidlegare tilfelle. Kommunestyret kan vere prega av intern uro, men ifølge kommuneleiinga går dette i hovudsak utover ordføraren og gruppeleiarane og er «tåleleg.» Kommuneleiinga skal gjennomgå varslingsregimet våre 2024.


Av det vi kan sjå har ikkje heimesida til kommunen funksjonalitet for eller informasjon om varsling, eller kven som er hovudverneombod.

I spørjeundersøkinga vert ikkje etikk og varsling framheva som eit område med særlege utfordringar, men ein respondent skriv at kommunen må bli betre på «etisk leiing».

## Våre vurderingar

Vi har ikkje funn som tilseier at kommunen har store utfordringar på dette feltet. Kommunen har bevisstheit omkring temaet og har utarbeidd retningslinjer for tilsette og folkevalde som i det

minste sistnemnde fer orientering om. Vår vurdering er at kommunen har rutinar og en praksis for opplæring i etiske retningslinjer, men vi er usikre på etterleving og praksis ute i einingane og i kva grad varslingsregimet er kjent og implementert blant alle tilsette. Vi vurderer dermed samla risikonivå som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Tvil om kjennskapen til og tilrettelegging for varslingsregimet.	Lite informasjon om varslingsregimet på heimesida og i mottatt informasjon. Bekymring om etisk leiing i spørjeundersøkinga	Svak rettstryggleik for innbyggaren/tilsette. Svekka omdømme.	M	M	M 

Aktuell forvaltningsrevisjon kan vere:

- Avvikskultur- og handtering av avvik

## INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar kan gjere det krevjande for kommunane å nå sine mål. Løysinga kan vere **interkommunale samarbeid** (Statsforvaltaren 2023).

Ei kartlegging av interkommunale samarbeid utført på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har formulert suksessfaktorar for velfungerande interkommunale samarbeid; **eigarskap til mål** hjå folkevalde og administrasjon i samarbeidskommunane, **formalisering** av samarbeidet, **profesjonell eigarstyring**, **resultatrapportering** samt **kommunikasjon** og pleie av relasjonar og tillit.

Når kommunar organiser delar av verksemda si som egne selskap eller i samarbeid med andre kommunar, kan det skape utfordringar for demokratiet ved at selskapa i mindre grad er direkte underlagt kommunestyret.

### Moglege risikofaktorar

- Mangelfull rapportering frå vertskommunen
- Lite formalisert samarbeid
- Manglande oppfølging av inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret
- Informasjon om tenesta og verksemda blir ikkje etterspurt av folkevalde
- Manglande eigarskap til mål både politisk og administrativt
- Lite tillitsskapande kommunikasjon
- Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar frå kommunen


På oppdrag av Statsforvaltaren har NIVI Analyse utgitt ein rapport (2023) om interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal der Stranda er omtalt. Rapporten peiker på nokre utfordringar ved kommunalt samarbeid. Dette er manglande samordning mot eige tenesteapparat, mindre effektiv administrativ styring, samarbeid på dei store kommunanes premisser, manglande demokratisk forankring og kontroll, og avvikande forvaltningskultur i interkommunale selskap. I følge rapporten har Stranda 34 formelle ordningar i kommunen. Fem av desse er bilaterale samarbeid mellom Stranda og høvesvis Fjord og Sykkylven kor Stranda er vertskommune for alle fem.

Stranda si gjeldande **eigarskapsmelding** er frå 2018. Kommunelova stiller krav om at ei slik melding skal utarbeidast minst ein gong i kvar valperiode, og kommunestyret i Stranda vedtok 20. mars 2024 å vedta plan for arbeid med ny eigarskapsmelding (sak 024/24) og to medlemmar til arbeidsgruppa vart utpeikte. I tillegg vil kommunedirektøren og økonomisjefen delta i arbeidsgruppa.

Frå spørjeundersøkinga eller oppstartsmøtet med kommuneleiinga kjem det ikkje fram at interkommunalt samarbeid er eit område med særskilde utfordringar, men **kommunens eigarskap** i enkelte kommunale selskap vert trekt fram. Dette vert behandla i kapittel 4 om kommunalt eigarskap.

## Våre vurderingar

Fleire av kommunens tenester ytes gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere disse samarbeida, at det stilles krav til rapportering frå vertskommunane, og at det er god dialog mellom eigarkommunane. Vi vurderer at kommunen burde få på plass ny eigarskapsmelding slik dei no har bestemt, men utan at vi kan sjå at ei tidslinje er fastsett. Vi ser at kommunen er med i ei rekkje interkommunale samarbeid av varierende omfang og art. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad følger opp inngåtte avtaler og rapporterer frå tenestene til kommunestyret  Mangelfull rapportering.	Kommunens eigarskapsmelding er frå 2018  Kommunen er med i ein rekke interkommunale samarbeid	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å følge opp tenestene.	M	M	M 

Vi vurderer følgande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Interkommunale samarbeid

---

## DIGITALISERING OG INFORMASJONSTRYGGING

Kommune-CSIRT ventar eit høgt volum av **digitale angrep** i sin analyse og utsikt for 2023. Trygging utfordringar som blir omtala er mellom anna: digital prosessstyring av vassleveranse, SD-anlegg (system for sentral drift av eks. varme og ventilasjon), låsesystem for bygg og idrettsanlegg, velferdsteknologi, heisstyring, tryggingkamera/overvakingskamera, kraftverk/kraftleveranse, reinseanlegg og avfallsdeponi og forbrenningsanlegg.

Det er ein gjennomgåande tendens at digitaliseringa skjer på **tross av personvernet**. Det er framheva at personvernet i skule og barnehage er under press. Det ble motteke flest klagar på feil i handsaming av personopplysningar i registra. Det er meldt auka tal meldingar om brot på personopplysningstrygginga, grunna **feilsendingar og feilpubliseringar**, men også at tilgangsstyring er eit problem (Datatilsynets årsrapport for 2022).

## Moglege risikofaktorar

- Svak internkontroll
- Dokumentasjon av plikter
- Manglande databehandlaravtalar med eksterne aktørar
- Mangelfull dokumentasjon av handsamingsaktivitetar
- Organisasjonskultur og kompetanse
- Manglande risikovurdering på området
- Oppfølging av personvern i einingane
- Tilgangsstyring
- Komplisert og omfattande regelverk
- Personvern er ikkje tilfredsstillande.
- Informasjonstrygginga er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar om kommunen

Kommunen er en del av Digi Møre og Romsdal (2024) som skal gi kommunen betre digitale tenester, med økt digitalisering og felles digital kompetanse. Digi Møre og Romsdal skal sikre et godt samarbeid og økt kvalitet innan digitaliseringsarbeidet.

Tenesteområdet IKT hadde eit meirforbruk på i overkant av 1,2 millionar i 2023. Meirforbruket skuldast mellom anna endringar i lisensmodellen til Microsoft og forskriftsendringar med omsyn til drift av kjernejournalar for helsenorge.no. Ein del gevinstar i samband med utfasing av lokal serverinfrastruktur har enno ikkje blitt henta, og til sist så vart kostnadane til ein del innkjøp av datautstyr flytta frå investering over til drift. Ifølge ein rapport frå Agenda Kaupang (2024) har Stranda høgare kostnadar til IKT enn samanlikningskommunane. Mykje av kostnadane er knytt til kjøp av tenester til driftsstøtte og digitalisering, og ikkje berre årsverka i IKT-eininga. Ifølge økonomiplanen vil Stranda gjere innkjøp til IKT-utstyr via leasing framover, som er venta å gje større forutsigbarheit med tanke på økonomi, ei profesjonalisering når det gjeld utskifting av maskinparken som gjev betre funksjonalitet og sikkerheit.

Når det kjem til personvern og informasjonssikkerheit gjennomførast det ifølge årsmeldinga årleg kompetansehevande tiltak i kommunen, som har som mål å bevisstgjere og auke kompetanse innan fagområdet. I tillegg gjennomfører kommunen leiinga sin gjennomgang ein

gong i året, der utvida kommuneleiing, arkiv, personvernombod og IT er deltakarar. Leiinga sin gjennomgang er ein intern gjennomgang av internkontrollsystem knytt til fagområdet, samt gjennomgang av avvik/hendingar og tiltak, for å støtte løpande forbetring.

Sikkerheitsarbeidet i kommunen er organisert slik at sikkerheitsansvarleg saman med IT har mykje av det daglege arbeidet. I tillegg har vi personvernombodteneste frå IKAMR som ein rådgivande funksjon for GDPR-området. Det blir arbeidd for å opprette nye roller og strukturar med mål om å:

- Betre vedlikehald/bruk av IT-system.
- Spreie kompetanse knytt til fagområdet.
- Auke kompetanse og bevisstgjeringsknytt til behandling av personopplysningar

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det at breibanddekninga i kommunen ikkje er tilfredsstillande med tanke på den rolla internett og digitale løysingar har når det gjeld arbeid, velferdsteknologi og fritid. Omgrep som digitalisering og IKT er elles via lite merksemd i planen, og digitalisering ser ikkje ut til å vere eit satsingsområde på strategisk nivå i Stranda.

Ein rapport frå Agenda Kaupang peikar på at Stranda er avhengig av å ta i bruk gode teknologiske løysingar for å kunne fortsette å levere gode tenester til ei stadig eldre befolkning. Men for å klare dette «må kommunen tar noen overordnede valg og prioriteringer for den strategiske utviklingen innenfor det digitale, og kommunisere tydelig ut hva disse valgene og prioriteringene medfører, og hva som forventes på området av medarbeidere. I dag er mange prosesser i kommunen «halvdigitaliserte» – noe som eksempelvis innebærer manuelt mottak av digitale søknader, skanning av papir, manuell punching. Videre er potensialet for bruk av velferdsteknologi stort.»

IKT-miljøet vert i same rapport skildra som lite og sårbart og med liten kapasitet til å drive utvikling. Stranda vert anbefalt å søke samarbeidsløysingar innan IKT-feltet.

Kommunedirektøren er samd i at området må prioriterast.

## Våre vurderingar

Årsmeldinga tydar på god bevisstheit omkring personvern og informasjonssikkerheit, men melder på same tid at det roller og strukturar må settast opp på dette området. Vidare ser Stranda ut til å mangle strategisk tenking og planar for å følgje med på og kunne dra fordelar av den teknologiske utviklinga. Risikonivået vert difor sett til raudt.



Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Informasjonstryggleiken og personvern er ikkje tilfredsstillande	Behov for nye roller og strukturar for å styrke personvern og informasjonstryggleiken (Årsmeldinga).	Belastning for enkeltindivid og manglande overholdelse av personvern.	M	H	H
Organisasjonskultur og kompetanse		Sensitive opplysningar for innbyggjar eller viktige opplysningar for kommunen blir spreidd til uvedkommande.			
Mangel på overordna, strategisk tilnærming.	Digitalisering får lite merksemd i kommuneplanen.	For lite utvikling og dårlegare tenester til innbyggjarane.	H	H	H

Aktuell forvaltningsrevisjon kan være:

- Datasikkerheit og informasjonstryggleik
- Organisering av IKT-arbeidet

## OFFENTLEGE INNKJØP

Norske kommunar må følgje lov og føreskrift om offentlege innkjøp. Lova skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar, og den skal sikre at det offentlege opptrer med integritet. Vidare skal reglane bidra til å motverke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motverke brot på menneskerettane.

Økokrim skriv i trusselvurderinga for 2022 at **korrupsjonsrisikoen** i kommunal sektor er størst i konkurranserundar (Økokrim 2022).

Kommunar kjøper inn for store summer, og har gjennom innkjøp eit instrument for å jobbe med berekraft, til dømes gjennom å fremme omstilling til sirkulær økonomi.

Det er sannsynleg at kriminelle aktørar vil prøve å utnytte ukrainarar og andre utanlandske og sårbare arbeidstakarar til **svart og ulovleg arbeid**. Utnytting skjer særleg i arbeidsintensive yrke med ein høg del ufaglærte som **bygg og anlegg**, bilpleie- og verkstad, varetransport, reinhald og sesongarbeid innan jordbruk og fiskeri. Bruk av ulovleg arbeidskraft har over fleire år vore ein utbreidd form for arbeidslivskriminalitet.

## Moglege risikofaktorar

- Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande
- Svak internkontroll
- Kompetanse og ressursar
- Offentlege innkjøp
- Arbeidslivskriminalitet
- Manglande openheit
- Manglande miljøomsyn
- Sirkulær økonomi
- Uklare ansvarshøve
- Mangelfull kostnadskontroll og økonomistyring
- Næringar med større risiko for kriminalitet
- Delen utanlandsk arbeidskraft er stor
- Lite samhandling med andre offentlege styresmaktar

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar frå kommunen

Innkjøp er i Stranda kommune delegert frå kommunestyret til kommunedirektøren. Kommunedirektøren har delegert ansvaret vidare til økonomisjefen, som fungerer som innkjøpsansvarleg i kommunen. Det er utforma ei administrativ prosedyre for korleis anskaffingsprosessar skal gjennomførast i Stranda kommune. Stranda deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre og har dimesd tilgang til samarbeidet sine rammeavtalar og ekspertisen i Konserinnkjøp i Ålesund kommune som driftar samarbeidet.

I oppstartsmøtet kjem det fram at hovudinstrykket til kommuneleiinga er at Stranda er ryddige på innkjøpsfeltet og er lojale til innkjøpsavtalane dei har. Kommuneleiinga er ikkje kjend med innkjøpssakar som har gått på utsida av systema for anskaffingar. Kommunen har ikkje særskilde ressursar til innkjøp, men lener seg på kompetansen og kunnskapen som finst i organisasjonen.


I ein rapport frå Agenda Kaupang heiter det at kommunen vurderast ikkje til å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre større anskaffingar og følgje opp desse på ein forsvarleg måte.

Stranda har ei prosedyre for anskaffingar frå 2016, som òg gjeld for investeringsprosjekt, kor ansvarsfordelinga ei sjekkliste ved anskaffingar og innkjøp kjem tydeleg fram. Det kjem vidare fram at Stranda har ein mal for gjennomføring av anskaffingar, men revisjonen har ikkje fått tilgang til denne. Prosedyren inneheld ikkje informasjon om opplæring innan feltet, heller ikkje for nyttilsette, og E-handel er ikkje omtalt.

I faktasjekken skriv kommunedirektøren at han opplev at området har fått for lite merksemd, og at kompetansen må hevast. Innkjøpsstrategien må henge saman med berekraftsarbeidet og planverket det må skaffast eit verktøy som til dømes Visma Tensign for å styrke eigen kompetanse.

## Våre vurderingar

Offentlege innkjøp er en kompleks oppgåve for kommunar. Mange tilsette er involvert, det er store summer involvert med strenge reglar, og kommunedirektøren vurderer sjølv området som «oransje». Kommunen er deltakar i det interkommunale innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Innkjøp og offentlege anskaffingar blir ikkje gjennomført og følgt opp i tråd med regelverket.	Eksterne vurderingar samt innspel frå kommunedirektøren tydar på at kompetansen og merksemda på området må styrkast.	Tap av verdiar, tillit og omdømme. Manglande berekraft. Korrupsjon, arbeidslivs-kriminalitet og kameraderi.	M	H	M 

Aktuell forvaltningsrevisjon kan være: Innkjøp og offentlege anskaffingar.

## 3.4 TENESTEYTING OG MYNDIGHETSUTØVELSE

### KLART SPRÅK

Med språklova som gjeld frå 1.1.2022, har offentlege organ plikt til å bruke klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa. I media har det den siste tida vore søkjelys på at innbyggjarar kan ha utfordringar med å forstå offentlege vedtak og den informasjon som blir gitt dem. Med stadig mindre kundekontakt, er klart og godt språk viktig for innbyggjaren. Alle kommunar skal ha en tilgjengelegheitserklæring for universell utforming av IKT.

### Moglege risikofaktorar

- Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa
- Risiko for brukar
- Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk
- Ressursar blir brukt uhensiktsmessig

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.


### Opplysningar om kommunen

Frå 1. februar 2023 er alle norske kommunar pålagt å følge en tilgjengelegheitserklæring for universell utforming av IKT. Uutilsynet arrangerer gratis webinarer og møter for å rettleie kommunane gjennom krava i erklæringa (Uutilsynet.no). På stranda.kommune.no er tilgjengelegheitserklæringa lett tilgjengeleg, men ifølge den sjølv ikkje oppdatert. Vidare kjem det fram at nettstaden er delvis i samsvar med krava til universell utforming av IKT, og har brot på 3 av 47 krav. Brota har konsekvensar for brukarar med nedsett eller avgrensa syn, høyrsel, rørsleevne, styrke og kognisjon. Brukarar vert oppmoda til å gje tilbakemelding på feil og manglar knytt til universell utforming, eller om ein treng alternativt til innhald som ikkje er universelt utforma.

Nettstaden er elles informativ og lett å finne fram i, men er noko «enkel» og har avgrensa innhald samanlikna med ein del andre kommunar i fylket. Nettstaden har ikkje digital chatbot eller liknande funksjonar. Årsmeldinga og økonomiplanen ser ikkje ut til å ta føre seg problemstillingar som utbetringar av heimesida eller klart språk.

### Våre vurderingar

Vi har ikkje gjort funn som tydar på akutte utfordringar med klart språk, men registrerer at heimesida har nokon manglar med omsyn til universell utforming og at området generelt ikkje er tatt opp i kommunens strategiske dokument. Vi vurderer derfor risikonivå for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen har ikkje et klart og brukarvennleg språk  Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa	Manglar med omsyn til universell utforming.  Generell lav merksemd rundt klart språk og utbetringar at heimesida.	Informasjon og vedtak blir ikkje forstått  Ikkje effektiv ressursbruk.  Mindre tillit til forvaltninga.	M	M	M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere: Klart språk

## PERSONALFORVALTNING

Mange kommunar har utfordringar med å rekruttere og få tak i riktig kompetanse. Kommunar har utfordringar med å **rekruttere** helsepersonell, særleg sjukepleiarar og legar. Mange kommunar har utfordring med å rekruttere psykolog og vernepleiarar (Helsedirektoratet 2021). For å kunne halde fram med å gje gode teneste, må kommunen ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. **Omstillingsarbeidet** må være systematisk, strategisk og målretta (Statsforvaltaren 2023).

Det legemeldte **sjukefråværet** i 4. kvartal 2022 er 5,7 prosent i Norge (NAV). Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Korona pregar sjukefråværet enno, som er høgare enn før pandemien. Vi ser at høgt sjukefråvær og stort arbeidspress kan utfordre **arbeidsmiljøet**.

### Moglege risikofaktorar

- Mangel på kvalifisert arbeidskraft
- Nok og riktig kompetanse og ressursar
- Auka krav til fagutdanning
- Omstillingsarbeid
- Mangelfull organisering og leing
- Lite søkjelys på arbeidsmiljø
- Manglande førebygging
- Manglande oppfølging og tilrettelegging
- Høgt sjukefråvær
- Manglande kunnskap om kva som aukar sjukefråværet påverkar moglegheita for tiltak
- Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande
- Storleiken til kommunen gjer den sårbar.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

### Opplysningar frå kommunen

**Sjukefråværet** i kommunen var på 9,6% i 2023, som var litt ned frå 2022 og 2021. I tråd med trendane nasjonalt var sjukefråværet størst innan helse og omsorg. I årsmeldinga ser vi at

mangel på personale bidreg til meirforbruk i særleg heimetenestene, ved Stranda sjukeheim og helsetenesta i form av vikarinneleige og overtid. Behovet for vikarbyrå ved heimetenestene sommaren 2023 var til dømes ikkje budsjettert. I oppstartsmøtet fortel kommuneleiinga at innan heimetenesta var sjukefråværet oppe i 18% i 2023. Eksterne konsulentar frå Arbeidslivssenteret og Avinova har vore inne for å bistå med tiltak for godt arbeidsmiljø og lågare sjukefråvær. I tillegg lagar einingsleiarane kvart år ei framstilling av eige sjukefråvær der ein forklarar både kortids og langtidsfråvær i si eining og korleis ein arbeider med sjukefråværet. Saka vert handsama av arbeidsmiljøutvalet i januar/februar kvart år.

Stranda har ikkje tilsett psykolog i 2023, men vil halde fram arbeidet i 2024.

I årsmeldinga heiter det at kommunen i samarbeid med bedriftshelsetenesta har revidert prosedyren for oppfølging av sjukefråvær. Prosedyren har fått eit auka fokus på kva ein kan gjere for å førebyggje sjukefråvær hos den enkelte, kva som er/ kan vere arbeidsrelatert sjukefråvær og ein har tydeleggjort kva som er arbeidstakar og arbeidsgivar sitt ansvar i arbeidet.

I tillegg til helsepersonell er bemanningsutfordringane store for sosionomstillingar og på oppvekstområdet, særleg i utkantane som Geiranger. For å bøte på dette dekkjer kommunen husleige og tilbyr høgere løn for nokre tilsette.


Stranda arbeider både kort- og langsiktig for å få på plass grunnbemanninga og riktig kompetanse. På helseområdet ønsker kommunen å samle kompetansen slik at den i mindre grad er spredd over heile kommunen. For å betre **rekrutteringssituasjonen** har kommunen starta eit prosjekt med ein arbeidsgjevarstrategi med ekstern bistand.

Det er generelt høg bevisstheit om at kommunen må gjere seg attraktiv for å rekruttere og behalde folk og kommuneplanen legg stor vekt på å marknadsføre Stranda som ei attraktiv arbeidskommune gjennom mellom anna forbetra infrastruktur (breiband, heilårssamband til Geiranger) og kompetanseheving i kommunesektoren.

Resultata frå spørjeundersøkinga stadfester personalområdet som eit krevjande felt for Stranda, kor minst to svarar at rekruttering er det sektorovergripande området kor kommunen har størst utfordringar i dag. I faktasjekken opplyser kommunedirektøren at arbeidet med ein arbeidsgjevarstrategi, som tek opp i seg personalforvaltning og omstilling, er starta.

## Våre vurderingar

Kommunen slit med å finne nok og riktig kompetanse på viktige område som helse og oppvekst. Dette fører til auka sårbarheit i tenestene, høgere sjukefråvær og høge utgifter til vikarar og overtid. Vårt inntrykk er at kommunen gjer mykje for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft på både kort og lang sikt, men utfordringane er likevel så store og sentrale for kommunen si verksemd at vi vurderer samla risiko for området som høg.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Nok og riktig kompetanse og ressursar Høgt sjukefråvær Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande Omstillingsarbeid	Kommunen har hatt utfordringar med å skaffe kvalifisert personell i fleire stillingar Kommunen har søkelys på å få ned sjukefråværet, gjennom bl.a. prosjekt Kommunen har et høgare sjukefråvær enn ynskja	Nok og riktig kompetanse kan påverke endrings- og utviklingsarbeidet i einingane, i tillegg til å auke risikoen for kvaliteten på tenestene.	H H	H H	H 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere:

- Sjukefråvær
- Rekruttering
- Personalforvaltning og omstilling

## OPPVEKST

**Ungt utanforskap**, fråfall i vidaregåande skule og fleire unge uføre er aukande i Norge i dag.

Auke av psykisk lidningar blant unge er ein driver for denne utviklinga (KS 2022:47).

Statsforvaltaren ventar at kommunane **styrker det helsefremjande og førebyggjande** arbeidet for barn, unge og deira familiar, inkluderer tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta, at kommunane satsar på **lågterskel psykisk helsehjelp**, slik at ein kan få rask hjelp utan henvising, og at kommunane gir alle barn og unge som blir viste til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale (forventningsbrev for 2023).

I rapporten «**Tidleg innsats, tidleg i livet**» (KS) trekkes kommunikasjon, samarbeid og samhandling mellom tenestene fram som viktige kriterium. Godt **tverrfagleg samarbeid**, og kunnskap om andre tenestetilbod er viktig for å komme tidleg på banen. Barnehagen blir omtalt som spesielt viktig i arbeidet med tidleg innsats.

## Moglege risikofaktorar

- Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg
- Ressursmangel
- Mangelfulle rutinar for overgangar
- Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp
- Utilfredsstillande internkontrollrutinar
- Manglande risikovurdering
- Manglande førebyggingsarbeid

- Mangelfulle rutinar for å fange opp barns ulike behov o Ikkje tilpassa undervisning
- Mangelfull eller feil gjennomføring av aktivitetsplikta
- Mangelfulle rutinar for å skape eit inkluderande miljø
- Ungt utanforskap
- Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande
- Spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning fungerer ikkje tilfredsstillande
- Uklare forventningar mellom skuleheim
- Mangelfull medverknad
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT
- Mangelfull oppfølging av barnehage

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar frå kommunen

I Statsforvaltaren sitt kommunebilete får Stranda den overordna karakteren «middels» for grunnskule og «god» for barnehage. Hovudutfordringane i grunnskulen finst ifølge Statsforvaltaren innan **skulemiljø og mobbing**. Resultata på mobbing frå Elevundersøkinga på 7. trinn var 20,5 prosent i 2023. Dette ligg langt over landsgjennomsnittet på 7,9 prosent. Resultata på mobbing frå Elevundersøkinga er ein av grunnane til at Stranda kommune og Ringstad skule vart rekruttert inn i Læringsmiljøprosjektet til Utdanningsdirektoratet 2023 - 2025.

Kommunestyret har vedteke at oppvekstområdet skal spare inn tre millionar kroner i 2024 samanlikna med 2023, grunna mellom anna søkkande barnetal. Men som følgje av geografien i kommunen og gamal bygningsmasse let ikkje færre born seg automatisk oversette til reduserte kostnader. Stranda har vidare ein høg andel **framandspråklege** foreldre med små born, som per no er mest utfordrande for barnehagane.

I tråd med utfordringane innan rekruttering skildra i delkapittelet over, scorar Stranda ifølge Kommunebarometeret lågt på andel **lærarar med undervisningskompetanse** i kjernefaga. Kommunen har vidare ein relativt høg andel elever som får spesialundervisning, men har fokus på meir tilpassa opplæring for å redusere dette. I intervju fortel kommunalsjefen for oppvekst at PPT er under omstrukturering med mål om å jobbe meir med system, og mindre individretta. Stranda er med i Læringsmiljøprosjektet organisert av Utdanningsdirektoratet for å få til ei meir inkluderande undervisning, mindre mobbing og betre førebygging. Til no er det brukt for mykje ressursar på enkeltindivid samanlikna med systemnivået. Særleg éin skule har hatt problem med mobbing og utagering, men dette er betre no. Frå 1. august blir Stranda vertskommune for samarbeid med Fjord innan **PPT** som vil gje eit større fagmiljø.


På FHI sin oppvekstprofil skil ikkje Stranda seg negativt ut frå resten av landet med unntak av andelen unge med overvekt og fedme. Dei unge i Stranda er lite nøgde med treffstadane dei har.

I faktasjekken skriv kommunedirektøren at det på dette området vert sett på organisering, og at det vert fokus på tilrettelegging av betre fasilitetar framover, særleg for born frå 4-6 år.

## Våre vurderingar



Hovudutfordringane til Stranda på oppvekstområdet er rekruttering av undervisningspersonale og læringsmiljø/mobbing. Rekruttering og bemanning er eit strukturelt problem i kommunen som er diskutert under overskrifta «personalforvaltning» over. For skulemiljø vil Stranda gjennom si deltaking i Læringsmiljøprosjektet få støtte og rettleiing slik at dei kan forbetre resultatane på læringsmiljø. Vi vurderer derfor risikonivået for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for om sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Dårleg skulemiljø og mobbing.  Vanskeleg å rekruttere undervisningspersonale.	Utfordringar med skulemiljø og mobbing. Deltaking i Læringsmiljøprosjektet.  Generelle rekrutteringsvanskar. Geografiske tilhøve.	Barn som lid på skulen. Utanforskap og psykiske problem. Svakare fellesskap.  Elevar og born får ikkje den oppfølginga eller undervisninga dei har krav på.  Dyr drift kan gå ut over andre tenester og svekke kommunens omdømme.	M	M	M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere:

- Skulemiljø, oppfølging av Læringsmiljøprosjektet
- Rekruttering

## BARNEVERN

Barns rett til **medverknad** blir ikkje godt nok ivareteke, sjølv om barn har tydelege rettar i lovverket. Det omfattar mellom anna mangel på informasjon, at dei ikkje trygt får sagt det dei ønskjer og mangel på klageitgang. Det er også dokumentert relativt omfattande manglar ved barn sin **rett til god og forsvarleg hjelp** på ein rekkje område og at mange barn opplev flytting og ustabilitet i sin omsorgssituasjon. Det er vidare påvist utfordringar ved barnevernstenesta sine **undersøkingar. Rammene** for barneverntenesta ser ut til å vanskeleg for små distriktskommunar. Etter utvalet si vurdering er føresetnadene for å levere gode barnevernsteneste dårlegare jo mindre barnevernstenesta er (NOU 2023:7:17).

Det har dei siste ti åra blitt gjennomført ein rekkje reformer og endringar i barnevernet på bakgrunn av svikt og utfordringar med kvalitet, særleg i det kommunale barnevernet (NOU 2023:7). Den **nye barnevernslova** frå 1.1.2023 skal gjere barnevernet enklare, meir brukarvennleg og betre tilpassa samfunnet i dag. Lova skal også bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Statsforvaltaren ventar at kommunane styrkar arbeidet med **tidleg innsats** og førebygging, at det blir utarbeida ein **førebyggingsplan** mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og at kommunen arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Det er venta at kommunane

følgjer opp regjeringa si pågåande **kompetansesatsing** for perioden 2018-2024 og legg til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernslova (Forventningsbrev 2023).

## Moglege risikofaktorar

- Pressa ressurssituasjon
- Tilsetting
- Kompetansekrav blir ikkje følgt opp
- Feil i sakshandsaminga
- Manglande retningslinjer og rutinar
- Manglande medverknad
- Lite eller dårleg samhandling mellom tenesta og andre aktørar
- Svak internkontroll
- Press frå omverda
- Tilstandsrapport blir ikkje utarbeida (og lagt frem for kommunestyret)
- Førebyggingsplan blir ikkje vedteke av kommunestyret
- Rekruttering av fosterheim
- Kvaliteten i barnevernstenesta er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar om kommunen


I Statsforvaltaren sitt **kommunebilete** fer barnevernet i Stranda og Fjord status som «godt område». Dette fordi tenesta har «god oversikt, godt kvalifiserte medarbeidarar og dei har bredde i tilbod om hjelpetiltak». Videre rapporterer tenesta om oppfølging i tråd med lovkrava på alle områda og er positiv til å delta i utviklingstiltak og til samarbeid med andre tenester. Dei har plan for kompetanseutvikling framover. Dei deltek aktivt i tiltaka i kompetansesatsinga frå Bufdir, til dømes i fosterheimsprosjektet og i læringsnettverk som har ulike prosjekt for å heve kompetanse og utvikle tenesta. Dei har og deltatt i KOMBA (kompetanse om minoritetar i barnevernet).

Kommunebarometeret stadfestar i hovudsak dette biletet, men Stranda får låg score for andel **born under omsorg som har tiltaksplan**. Vi kan ikkje sjå at dette er nemnd i Stranda og Fjord barnevern sin tilstandsrapport for 2023 og rapporten sine tal for 2022 kan tyde på at barnevernet i Stranda har ei anna oppfatning av dette tilhøvet. Tilstandsrapporten peikar vidare på ein sterk **nedgang i meldingar** til barnevernet frå 2020 og 2021 til 2022 og 2023, og rapporten spør om borna i kommunen «får den hjelpa dei skal ha til rett tid». Med omsyn til internkontroll nemner tilstandsrapporten vidare at tilsette bør bli betre til å melde avvik i Compilo.

Barnevernet i Stranda og Fjord er i ein betre økonomisk situasjon enn ein del andre tenester i Stranda, men barnevernsreforma omfattar ifølge tilstandsrapporten «ei betydeleg kostnads- og oppgåveoverføring frå stat til kommune som Stranda og Fjord barnevernsteneste aleine ikkje kan klare å løyse.

## Våre vurderingar

Implementering av barnevernsreforma, bemanning og kompetansebygging og samordning av tenestene på oppvekstfeltet peikar seg ut som sentrale område i dei komande åra. Dette vil bli utfordrande for Stranda kommune, men etter kva vi kan bedømme er barnevernet i Stranda og Fjord førebudd. Vi vurderer samla risikonivå til lågt.

Risikofaktor	Grunngjeving for om sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko- nivå
Kompetanse og bemanning	Krava til kompetanse aukar. Mange generalistar i tenesta i dag.	Lågare kvalitet på tenestene. Innleige av personell.	L	M	L 
Samordning av tenestene på oppvekstområdet	Omstilling- og omorganisering undervegs i Stranda, men ikkje implementert.	Dårlegare tenester, misnøgde tilsette.			

## HELSE OG OMSORG

Det er venta at kommunane styrker sitt arbeid innan **psykisk helse**. Målet er at dei som må ha psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Det er også varsla ein førebyggings- og behandlingsreform for **rusfeltet** hausten 2023 (Statsforvaltaren 2023).

Som følgje av at aldersgrupper med behov for omsorgstenester aukar mykje kraftigare enn befolkninga i arbeidsdyktig alder, må kommunane jobbe mot meir heimebasert omsorg og bruk av velferdsteknologi (KS 2023).

## Moglege risikofaktorar

- Manglande ressursar
- Framtidig press på tenesta
- Manglande samordna planlegging
- Endring i organisasjonen
- Manglande bruk av velferdsteknologi
- Manglande digitalisering o Helseplattforma, journalføring
- Manglar i helsefremmande og førebyggjande arbeid
- Manglande rutinar og retningslinjer
- Uklart ansvar mellom ulike forvaltningsnivå og einingar
- Manglande koordinering av ulike teneste
- Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande
- utfordringar med omstilling

## Opplysningar om kommunen

For helse, pleie og omsorg viser årsmeldinga eit mindreforbruk på 1,35 mill. kroner i 2023, men dette talet skjuler betydeleg meirforbruk for mellom anna Stranda sjukeheim og helsetenesta. Felles for desse er høge utgifter til vikarar og overtid som følgje av ferieavvikling og vakante fastlegestillingar. For området folkehelse fer kommunen middels karakter. Agenda Kaupang finn i si analyse at Stranda sine utgifter til helsetenester er høgare enn forventa, mykje grunna dyre legetenester.

I kommunebiletet vurderer Statsforvaltaren kommunehelsetenesta og omsorgstenesta i Stranda til **høg risiko for svikt**. For førstnemnde skuldast den høge risikoen ei liste på 750 personar som ikkje har fastlege, mangel på psykolog og mangel på kompetanse innan psykisk helse- og rusarbeid. Statsforvaltaren skriv vidare at kommunen i 2023 har søkt kompetansetilskot til desse områda. Utgiftene til fastlege og legevakt er generelt høge relativt til andre kommunar. I kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031 viser kommunen til at det er ei **auke i ungdom med psykiske lidningar**. For å utvikle berekraftige tenester er det viktig å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.

I intervju vert det stadfesta at **grunnbemanninga** er generelt lav og at Stranda over tid opplevd utfordringar med å rekruttere til helsefaglege stillingar. Sjukefråværet i verksemda er generelt høgt, og konsulentar frå Arbeidslivssenteret og Avinova har vore inne. Stranda nyttar velferdsteknologi som tryggleiksalarmar, men har ikkje ressursar til å jobbe dedikert med dette feltet. Folkehelseutfordringar inkluderer høg andel muskel- og skjelettlidningar, unge vaksne utanfor skule og arbeidsliv og fedme blant unge. Stillinga som folkehelsekoordinator vart lagt ned som følgje av innsparingsbehovet.

I spørjeundersøkinga til politikarar vert helse- og omsorg (heimebaserte tenester og institusjonstenester) haldt fram av alle respondentane som det området kor kommunen har størst utfordringar, og området vert foreslått som kandidat for forvaltningsrevisjon.

Som følgje av tilhøve som geografi, eldrebølga, ei arv med raust tenestetilbod og eit aukande gap mellom forventningar til tenestene og realistisk tenestenivå, er omstillingsbehova på området store i Stranda kommune. Desse tenestevridinga er i gang, og behov og funksjonar er no det avgjerande for tenestetilbodet, ikkje brukaren sine egne ønskje som tidlegare. I økonomiplanen for 2024 heiter det at kommunestyret har bede kommunedirektøren om snarleg å setje i gong ei utgreiing av omstilling og strukturendringar innan tenesteområdet helse og omsorg på 3 millionar kroner.

## Våre vurderingar

Mangel på hender gjer at kommunen må omstille seg, eit arbeid som er i gang. Kommunen må sikre stabilitet i fastlegeordninga og anna lovpålagt kompetanse, og rekruttere fleire fagfolk innan rusomsorg og psykiatri. Vi vurderer samla risiko- og vesentlege for området som høg.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar	Høgt sjukefråvær, økonomisk situasjon og bemanningsutfordringar. Høgt utgiftsnivå til legetenester.	Innbyggjarane får ikkje de tenester de har krav på.	H	H	H
Utfordringar med omstilling	Tenestevriding mot endra tilbod enn før. Arv med høgt tenestnivå basert på brukaren sine ønske.	Lågare tilfredsheit blant brukarar. Generelt krevjande prosess.			
Framtidig press på tenesta	Eldrebølge. Lite velferdsteknologi tatt i bruk. Mogleg folketalsnedgang.  I spørjeundersøkinga til politikarar vert helse og omsorg tatt opp som risikoområde.	Kan gå ut over kvaliteten på tenesta.			

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon:

- Omstillingsprosessar
- Rekruttering

## BEKJEMPING AV FATTIGDOM

I Møre og Romsdal bur det 4 500 barn i familiar med vedvarande låg inntekt, noko som er tett på ti prosent av barna i fylket. Andel av slik hushaldning er aukande nasjonalt. **Tidleg innsats** er viktig for å førebyggje sosiale problem og vedvarande stigmatisering av barn og unge som veks opp i vanskelegstilte familiar. Å bu trøngt seier noko om dei økonomiske og materielle føresetnadane for gode levkår, og den aukar i låginntektsfamiliar (KS 2022). I innvandrarbefolkninga er det fleire arbeidsledige enn i befolkningen for øvrig, og gjennomsnittleg månadsløn er lågare i denne gruppen (KS og SSB.no).

### Moglege risikofaktorar

- Aukande fattigdom i kommunen
- Fattigdom blir ikkje oppdaga
- Manglande ressursar
- Manglande kompetanse
- Mangel på overordna strategi
- Utilstrekkeleg oppfølging av vedtak og prioritering på området
- Utilstrekkeleg samarbeid og koordinering av teneste
- Mangelfull opplysning, råd og rettleiing
- Lite føreseieleg tal flyktningar
- Manglande integrering
- Variert målgruppe vs. individuell tilpassing.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar om kommunen

Statsforvaltaren finn i sitt kommunebilete at det er ei vesentleg **auke i sosialhjelpstilfelle** med sosialhjelp som hovudinntekt. Talet på barn i familiar som mottek sosialhjelp aukar, og også talet på unge sosialhjelpstilfelle 18-24 år. Tala er likevel så små at dei bør tolkast med forsiktighet, og kan sjåast i samanheng med mange flyktningar som har barn. Ifølge FHI sin oppvekstprofil ligg Stranda betre plassert enn landssnittet på indikatorane for barn i låginntektsfamiliar og born i familiar som mottek sosialhjelp. Det same gjeld for unge som står utanfor og unge mottakarar av uførepensjon. I kommunebarometeret kjem ikkje tal for sosialtenesta i Stranda fram.


Grunna samarbeidet med Sykkylven om NAV-kontor er det avgrensa moglegheiter for fysiske møter med NAV, og i intervju kjem det fram **at NAV er mindre til stades fysisk i Stranda** enn ønskeleg. Dette kan vere sårbart med omsyn til tilgjengelege tenester og utanforskap, til dømes knytt til digital kompetanse. NAV har hatt to klagesaker i 2023, ingen i 2022 eller 2024. Begge ble stadfesta, noko som tyder på korrekt praksis og sakshandsaming.

Stranda har **høgare arbeidsinnvandring** enn landet elles (per 2023). Av alle innvandrarane i Stranda utgjorde flyktningar og deira familiemedlem 9,3 prosent i 2023. Integreringa i Stranda ser ut til å gå bra. Skuleresultata til born med innvandrarbakgrunn er betre enn landsgjennomsnittet, og er positive over tid. På same tid er 29 prosent av innvandrarane i Stranda i alderen mellom 16 og 24 år ikkje i opplæring, og har ikkje fullført og bestått vidaregåande opplæring. Dette talet ligg under landsgjennomsnittet men kan bli ei utfordring på fleire plan. Stranda må jobbe aktivt med å sikre at flest mogleg fullfører og består opplæringa, og følgje godt med på utviklinga i denne befolkningsgruppa, jf. auken i sosialhjelpstilfelle nemnd innleiingsvis.

I faktasjekken skriv kommunedirektøren at feltet fell inn under programma for omorganisering.

## Våre vurderingar

Stranda har ikkje store utfordringar på dette området, men indikatorar for sosialhjelp og innvandring, samt utviklingstrekk og erfaringar frå andre kommunar gjer at Stranda bør følgje nøye med på auken i sosialhjelp og integrering. Dette er eit område kor er utfordrande å jobbe forebyggjande. Kopla med den vanskelege økonomiske situasjonen i kommunen vurderer vi samla risiko- og vesentleg for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for om sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Aukande fattigdom i kommunen.  Fattigdom blir ikkje oppdaga	Kommunen har aukande sosialhjelpstilfelle og relativt høg innvandring.	Brukarane får ikkje den hjelpen de trenger.  Fattigdom blir ikkje fanga opp.	M	M	M 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Bekjemping av fattigdom – er kommunen nok i forkant?
- Sårbare grupper

## PLAN OG TEKNIKK

**Korrupsjon** i kommunar oppstår ofte i samband med reguleringsprosessar av eigedommar og landbruks-, natur- og friluftsområde under utbygging (Økokrim 2022). Det har vore fleire dommar for korrupsjon innan plan- og byggesak (NKRF 2023). Plan- og bygningskontoret er den tenesta innbyggjarar i Noreg er minst nøgd med i (KS 2022).

Manglande **ulovleg oppfølging** kan over tid føre til at innbyggjarar får **svekka tillit** til kommunen si byggesaksforvaltning. Ulovlege terrenginngrep truer naturen, og det er sannsynleg at både næringsaktørar og private aktørar vil gjere grove ulovlege naturinngrep (Økokrim 2022).

**Berekraftig arealforvaltning** er viktig for å ta vare på natur, naturmangfald, naturgodar og redusere klimagassutslepp. Arealbruksendringar er ein stor kjelde til klimagassutslepp. Klimaendringar vil krevje at kommunane planlegg og gjer tiltak for å handtere både akutte og meir gradvise endringar. Dette handlar om samfunnstrygging, miljø og økonomi. Kommunane skal arbeide systematisk med **samfunnstrygging og beredskap**. Det blir kraftigare nedbør, fleire og større regnflaumar, stigande havnivå og fleire jord-, flaum- og sørpeskred. Skadar på grunn av dette er venta å auke i åra framover. **Overvatn** er den største av utfordringa kommunane opplev med klimatilpassing (KS 2022).

Avfallsbransjen er ein bransje med særleg høg risiko for miljøkriminalitet (Økokrim 2022:22). Det er sannsynleg at kriminelle aktørar i inn- og utland vil gjere **avfallskriminalitet** framover med bakgrunn i kombinasjonen av auka verdi på avfall og auka pris på lovleg avfallshandtering. Kommunane har eit viktig ansvar for fleire **tilskotsordningar**, særlover og arealbruk som har mykje å seie for landbruket både i dag og i framtida. Kravet om eigen kontrollplan er skjerpa for å sikre tillit til tilskotsoppgåva.

## Moglege risikofaktorar

- Kommunen si risiko- og sårbaranalyse og beredskapsplanar er mangelfulle/utdaterte
- Risikovurderingar er ikkje satt i system
- Klimaendringar
- Ikkje jamlege øvingar
- Feil i sakshandsaming
- Dispensasjonspraksis
- Manglande kompetanse i kommunen
- Eksternt press
- Mangelfull internkontroll
- Manglande ressursar
- Kvaliteten på vassforsyningar og avløp er ikkje tilfredsstillande
- Kvalitet i bustadsoppgåvene er ikkje tilfredsstillande
- Mangelfull samhandling i kommunen
- Manglande tilsyn og ulovleg oppfølging
- Har ikkje berekraftig arealforvaltning som ser samheng mellom utbygging, klimaendringar og tap av natur
- Gammalt leidningsnett for vatn og avløp
- Handtering av overvatn
- Ikkje på nye krav til reinsing av avløpsvatn
- Kvalitet i byggesakshandsaminga er ikkje tilfredsstillande
- Samarbeider ikkje med avfallsselskap om å innføre nye krav til å sortere avfall

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar.

## Opplysningar om kommunen

Underområdet **Kommunalteknikk – veg, park og brann** hadde ifølgje årsmeldinga eit meirforbruk på ca. 2,3 millionar i 2023. For veg skuldast avviket høgre utgifter til vintervedlikehald enn venta, og for brann høgare lønnskostnadar samt kostnadar knytt til opplæring og utstyr.

Angående **plan- og bygningslova** fer Stranda lågaste karakter (svak) i Statsforvaltaren sitt kommunebilete. Statsforvaltaren har behandla ti klagesaker etter plan- og bygningslova frå Stranda kommune i perioden 2020-2024. Av desse er seks saker oppheva eller endra, medan fire er stadfesta. Statsforvaltaren skriv at dette er ein for høg opphevingsprosent, og viser at Stranda kommune har noko å gå på når det gjeld kvaliteten på saksbehandlinga av desse sakene. Går vi til kommunebarometeret ser vi at Stranda kjem noko dårlegare ut enn landssnittet når det kjem til sakshandsamingstid for byggesaker.

I økonomiplanen for 2024 kjem det fram at eininga byggesak/plan har ei vakant stilling som ikkje er utlyst pga. innsparingar. Dette har ført til at ein i nokre sakar ikkje har greidd å overhalde sakshandsamingsfristar, og påfølgande misnøye i byggebransjen. Eininga «har heller ikkje hatt ressursar til å ta tak i byggesakstilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak i særleg grad. Eininga manglar kompetanse på dette feltet, då det er nærare knytt til juridisk kompetanse enn byggteknisk kompetanse. Den vakante stillinga er foreslått satt vakant også i 2024.»

Bemanningssituasjonen går også utover kart og oppmåling, oppdatering av matrikkeldata og plankart, miljøsaker og forureining. Stranda ser og ei auke på saker innan verdsarvområdet, men og handsamar saker frå Fjord på dette området utan kompensasjon. **Digitalisering av byggesakshandsaminga** er eit nytt tiltak som blir gjort innanfor ramma, medan det ikkje er funne plass til ønsket om byggesakstilsyn og oppfølging innan kart, miljø og forureining.


For **vann- og avløp** sei kommunen i oppstartsmøtet at dette er eit viktig område for kommunen, og at mykje er investert i reint drikkevatt. I 2023 vart eit bakterieutbrot fanga opp av kommunen sin internkontroll. Av kommunebarometeret ser vi at Stranda har en veg å gå når det kjem til fornying av ledningsnett, mellom anna for å hindre lekkasjar. I økonomiplanen skriv kommunen at det i åra som kjem er forventta store utbyggingar av anlegg innan vatn og avløp som følgjer av krav frå Statsforvaltaren, Mattilsynet og nytt avløpsdirektiv frå EU. Særleg det siste vil ha stor innverknad og skal dekkjast innanfor sjølvkost. Som for dei fleste kommunar er det difor forventta ei vesentleg avgiftsauke dei komande åra.

I faktasjekken skriv kommunedirektøren han meiner at mykje kan løysast ved å styrke planområdet. Å ha gode planer og personell til dette arbeidet er viktig med omsyn til meir føreseielege planar. Digitalisering er diverre ikkje satsa på – ein bør styrke dette området og flytte meir tenester til publikum samstundes som ein nyttar proff – versjonar av Nordkart.



## Våre vurderingar

Stranda slit med bemanning, etterslep og stor aktivitet på fleire felt innan plan og teknikk, og derav også lovpålagte saksbehandlingsfristar. Nokre område som kartforvaltning er prega av etterslep og kapasitetsutfordringar. Eininga har ikkje hatt ressursar til å drive tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak i særleg grad. Vi vurderer den samla risikoen på området som høg.

Risikofaktor	Grunngjeving for at sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar og bemanning.	Lang sakshandsamingstid, vakante stillingar, og stor aktivitet i byggebransjen.	Tap av verdiar, tillit og omdømme. Færre tilsyn.	M- H	H	H 
Kvalitet i byggesaksbehandling er ikkje tilfredsstillande.	Høg del vedtak vert omgjort av Statsforvaltaren.	Forseinkingar og ressurstap i næringa. Fleire lovbrøt/ulovlege tiltak.			

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Byggesakshandsaming

### 3.5 AKTUELLE TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON – OPPSUMMERING

Områder med låg risiko er ikkje inkludert i denne oppsummeringa.

Berekraft og samfunnsutvikling	Samla risikovurdering
Strategisk og helhetlig planlegging av arbeidet med berekraftmåla Oppdaterte planverk	Middels (M/M-H)

Lokaldemokrati	Samla risikovurdering
Lokaldemokrati: Kvalitet i sakshandsaminga	Låg-Middels (L-M/M)
Openheit og innsyn: Meiroffentligheit, internkontroll, innbyggjarane sin tilgang til informasjon	Låg-Middels (L-M/M)

Tillitsskapende forvaltning	Samla risikovurdering
Internkontroll, etterleving av system for internkontroll	Middels (M/H)
Avvikskultur- og handtering av avvik	Middels (M/M)
Interkommunale samarbeid	Middels (M/M)
Datasikkerheit og informasjonstryggleik Organisering av IKT-arbeidet	Høg (M/H og H/H)
Innkjøp og offentlege anskaffingar	Middels (M/H)

Tenesteyting og myndigheitsutøving	Samla risikovurdering
Klart språk	Middels (M/M)
Sjukefråvær Rekruttering Personalforvaltning og omstilling	Høg (H/H)
Oppvekst: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulemiljø, oppfølging av Læringsmiljøprosjektet</li> <li>• Rekruttering</li> </ul>	Middels (M/M)
Helse og omsorg: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Omstillingsprosessar</li> <li>• Rekruttering</li> </ul>	Høg (H/H)
Bekjemping av fattigdom – er kommunen nok i forkant? Sårbare grupper	Middels (M/M)
Byggesakshandsaming	Høg (M-H/H)

## 4. RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAPER – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

I dette kapitlet vurderer vi risiko og vesentligheit for kommunens eigarskap opp mot behovet for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Etter ein kort innføring i kommunalt eigarskap, metode og gjennomføring, har vi omhandla kommunens eigarskap, før vi har føretatt ein risiko- og vesentligvurdering av kommunens eigarstyring og i selskap som kommunen eiger.

Analysen er delt inn etter dei ulike selskapsformene. Analysen tek ikkje for seg alle kommunen sine selskap, og den legg mest innsats i risikovurderinga av dei selskapa som er vurdert mest vesentleg. Risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på informasjon om Stranda kommune. Dette gjeld særleg informasjon om bakgrunnen for at kommunen er eigar eller har eigarinteresser i selskapet og korleis kommunen tek vare på sine eigarinteresser.

### 4.1 INNLEIING

Kontrollutvalet skal etter lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.6.2018 § 23-2 (kommunelova) sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette er eigarskapskontroll. I § 23-4 er det reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll. Eigarskapskontroll er definert i kommunelova § 23-4:

*«Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sitt eller fylkestinget sitt vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.»*


Eigarskapsmelding er eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring ovanfor kommunalt eigde selskap med vidare. Eit viktig grep er at det no gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding i lova si § 26-1. Regelen gir minimumskrav til innhald i meldinga, og krev at meldinga skal bli utarbeidd minst éin gang i valperioden og bli vedteke av kommunestyret. Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska retning, at eventuelle medeigarar er likeverdige og samstundes som at selskapet er uavhengig.

### 4.2 OM KOMMUNALT EIGARSKAP

Norske kommunar har stor grad av fridom til å organisere tenestene sine. Dei kan velje mellom fleire organisasjonsformer: Kommunalt oppgåvefellesskap, interkommunale politiske råd, interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA), aksjeselskap (AS) eller stiftingar. Vi ser at utviklinga peiker mot at delar av den kommunale tenesteproduksjonen blir flytta ut av den enkelte kommune og over i ulike former.

Uavhengig av organisasjons- eller eigarform er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for kommunen si samla verksemd. Kommunen sin påverknad er regulert gjennom lowverket knyt til dei ulike selskapsformene.

Figuren under viser at organisasjons- eller eigarforma si sjølvstende i høve til kommunestyret varierer mellom dei ulike selskapsformene. Kommunestyret sin grad av påverknad for innsyn og kontroll er redusert i selskap med private eigarar, og i sjølvorganiserande stiftingar med mindre anna står i vedtekter og avtalar.



Figur 1: Oversikta visar de ulike selskapsformene som kan etablerast for å utføre tenester i ein kommune (KS, Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, 2020).

Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen i eigen kommune, gjeld styringssystema som følgjer av kommunelova, og kommunestyret har i utgangspunktet all mynde til å ta avgjerle. Dersom verksemda er lagt i egne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga for styring av dei. Dette medfører at styring av selskapet må skje i selskapet sine eigarorgan, generalforsamling for AS og representantskap for IKS. Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap er her underlagt kommunelova. Som egne rettssubjekt er dei styrt gjennom representantskap og styre. I AS med private eigarar og i stiftingar er det ikkje høve til kontroll med føretaket, med mindre det står i vedtektene eller selskapsavtalar.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll av IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, samt AS der ein kommune eller fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar. Opplysningane kan bli gitt frå verksemda sin daglege leiar, styret og den valde revisoren for selskapet. Reglane om innsyn og undersøkingar i selskap o.l. i kommunelova § 23-6 gjeld på tilsvarande måte for kommunen sin revisor.

## 4.3 KJELDER TIL DATA

Data i dette kapitelet er henta frå følgjande kjelder:

- Kommunens årsmelding for 2023
- Kommunens årsrekneskap for 2023
- Kommunens eigarskapsmelding
- Kommunens heimeside, blant annet postliste og politiske møtedokument
- Proff.no
- Tidlegare revisjonar
- Vår kjennskap til selskapa og kommunen

## 3.6 EIGARSKAP I STRANDA KOMMUNE

I den nye kommunelova kapittel 26 står det om eigarstyring i kommunane. Kommunar skal ha ei eigarskapsmelding, og at den skal bli revidert minst ein gang i valperioden.

Stranda kommune si siste eigarskapsmelding vart utarbeidd i 2018. 20. mars 2024 vedtok kommunestyret plan for ny eigarskapsmelding.

### OVERSIKT OVER STRANDA SINE EIGARINTERESSER

Oversikta er satt saman av opplysningar frå kommunen si eigarskapsmelding, årsrekneskap og offentlege register.

Aksjeselskap	Eigarandel	Omsetning i 2022
Stranda Eigedomsselskap AS	100%	10 083
Byrg Kompetanse AS	99,90%	14 578
Muritunet AS	2,10%	80 854
Geiranger Fjordservice AS	0,80%	34 015
Hareid Fastlandssamband AS	X	79
Norsk Fjordsenter AS	0,50%	-
Storfjordsambandet AS	n.a.	1200
Norske Fjell AS	1,60%	n.a.
Stranda Treningssenter AS	3,30%	1116
Furene AS	n.a.	59 262
Attvin AS	1,16%	26 841
Tussa Kraft AS	6,61%	

<b>Interkommunale selskap</b>		
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	8,3%	3249 (2001)
Sunnmøre Regionråd IKS	5,9%	4655
Åknes/Tafjord beredskap IKS	12,5%	-
Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS	2,6%	-
<b>Kommunalt føretak</b>		
Stranda Hamnevesen KF	100%	X

## 4.5 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING - EIGARSKAPSKONTROLL

Vi har brukt følgende faktorar ved val av selskap som er egna til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon:

- Selskapet driv ein lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ein omsetning av en viss størrelse
- Selskapet har en stor økonomisk verdi for kommunen
- Selskapet har ein allmenninteresse
- Selskapet har tilsette
- Storleik på eigarskapet

### GENERELLE RISIKOFAKTORAR

Når det gjeld prinsipp for eigarskap og forvaltning, formål med eigarskap samt representasjon i eigarorgan og styre, er det somme generelle risikoområde:

- Kommunen har uklare prinsipp for utøving av eigarskap
- Kommunen bryt habilitetsreglar
- Kommunen er ikkje open i utøvinga av sitt eigarskap
- Føremålet med eigarskapet er uklart
- Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål
- Kommunestyret sitt vedtak blir ikkje følgt av selskapet
- Nominasjonsordning i kommunen sikrar ikkje naudsynt samla kompetanse i styret i selskap
- Mål og strategiar blir ikkje følgt opp
- Selskapet rapporterer ikkje i tråd med lovkrav og avtale
- Det er ikkje sikra innsyn og offentlegheit om eigarskap og i selskapa
- Kompetansen i styret og styresamansetjing er ikkje i tråd med kommunen sin strategi
- Habilitetsreglar blir ikkje teke omsyn til ved styresamansetjing
- Selskapet følgjer ikkje opp berekraftmåla.

Stranda kommune bør ha rutinar for eigarskapskontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista ovanfor inntreff.

---


## OM KOMMUNEN OG SELSKAP

Stranda kommune si **eigarskapsmelding** frå 2018 gir ei oversikt over kommunen sine mål og prinsipp med eigarskap og omtalar av utvalde føretak. Målet med eigarskapsmeldinga er «å gi Stranda kommunestyre ei verktøykasse dei kan bruke til å formulere separate eigarstrategiar for dei selskapa kommunestyret kontrollerer, samt å gi kommunen sine politikarar ein moglegheit for påverknad inn i dei selskapa Stranda kommune eig saman med andre kommunar.» Ifølgje meldinga fungerer formannskapet som Stranda kommune sitt eigarskapsutval. 20. mars 2024 vedtok kommunestyret (sak 025/24) planen for arbeidet med eigarskapsmelding for inneverande periode. Etter vår vurdering gjev gjeldande eigarskapsmelding ei god oversikt over problemstillingane og kommunen si tilnærming til eigarskap som bør førast vidare i den nye meldinga. Med plan for ny eigarskapsmelding vedtatt ligg kommunen godt an til å oppfylle kravet i kommunelova i inneverande periode. Eigarskapsmeldinga legg òg vekt på at eigne **eigarskapsstrategiar bør utarbeidast for einskilde selskap**, men i dokumentsøket finn vi berre strategien for Stranda eigedomsselskap frå 2007.

Stranda hamnevesen KF har ei sentral rolle i kommunen, men som kommunalt føretak er forvaltningsrevisjon meir aktuelt for dette føretaket enn eigarskapskontroll. I spørjeundersøkinga vart **Stranda Eigedomsselskap AS** og **Byrg Kompetansesenter AS** trekt fram som aktuelle kandidatar. I intervju med kommunen utfordringane innan bustad lagt vekt på, men eigedomsselskapet si rolle innan sosial- og eldrebustadar kom ikkje fram.

Vi vurderer at en eigarskapskontroll der en ser på behandling og innhald i eigarskapsmeldinga, eller på kommunens grunnleggande eigarstyring som **lite aktuelt ettersom** ny eigarskapsmelding skal utarbeidast i dei kommande månadane. Derimot vurderer vi at en eierskapskontroll der en ser på eierstyring av utvalgte selskaper og/eller enkelttemaer som **aktuelt for eierskapskontroll**. Vi vurderer at Kontrollutvalget først bør velge tema for eierskapskontroll før de eventuelt velger selskap for eierskapskontroll.

I faktasjekken skriv kommunedirektøren at Stranda som eigar av selskap og kommunale føretak må ha ordentlege rutinar, internkontroll og rapporteringssystem som heng saman med kommunestyret sine planar, vedtak og økonomi.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Grunnleggande eierstyring knytt til einskilde tema	Dominerande posisjon til føretaket (som Stranda hamnevesen)	Kommunens mål blir ikkje nådd.  Manglande openheit, svekka tillit og omdømme.	M	H	M 
Eierstyring i einskilde føretat	Enkelte selskap leverer viktige kommunale tjenester	Svak internkontroll			

Med bakgrunn i valgte faktorer vurderer vi følgende selskap som mest aktuelle for eierskapskontroll:

- Stranda Eigedomsselskap AS
- Byrg kompetansesenter AS

## 4.6 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING – FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAPER

### Generelle risikofaktorar

- Følgje opp mål og strategiar
- Berekraftsmåla blir ikkje følgt opp i selskapa
- Innsyn og offentlegheit blir ikkje sikra
- Innkjøpsregelverket blir ikkje følgt
- Etske retningslinjer blir ikkje følgt
- Styresamansetjing
- Arbeidslivskriminalitet
- Økonomisk styring
- Svak internkontroll

Selskapa bør ha rutinar og en internkontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista opp ovanfor inntreff.


### OM KOMMUNEN OG SELSKAP

Eigarskapsmeldinga listar opp dei forskjellige motiva for å opprette eit selskap eller gå inn i ein etablert selskapsordning. Dei fem motiva er effektivisering av tenesteproduksjon; regionalpolitisk motiv; samfunnsøkonomisk motiv; finansielt motiv og politisk motiv. Felles for desse er at det må gjerast ei vurdering av korleis eit føretak bidreg til at kommunen når måla sine på eitt eller fleire områder.



Kommunen er heileigar i to selskap: Stranda Eigedomsselskap AS og Stranda hamnevesen (KF). I tillegg eig Stranda nærare hundre prosent av Byrg Kompetanse AS. Vidare har kommunen mindre eigardelar i Muritunet AS, Tussa kraft AS, Attvin AS og Stranda Treningssenter med fleire.

Av desse er **Stranda Hamnevesen KF** i ei særstilling. I kommunen si årsmelding for 2023 kjem det fram at kommunen sitt positive driftsresultat skuldast inntektene frå hamnevesenet som bidrog med rundt 25 millionar kroner, opp frå ca. 15 millionar i 2022. I oppstartsmøtet og intervju i samband med denne risiko- og vesentlegvurderinga vart den dominerande posisjonen til hamnevesenet nemnd, og gir i seg sjølv grunnlag for interesse frå eit forvaltningsrevisjonsperspektiv. Vidare har føretaket ei viktig rolle innan den for Stranda viktige reiselivsnæringa. I spørjeundersøkinga kjem hamnevesenet ut som den mest aktuelle kandidaten for forvaltningsrevisjon.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Følge opp kommunen sine mål og strategiar.  Berekraftmål.  Næringsutvikling.	Hamnevesenet sin økonomiske posisjon og som sentral aktør for reiselivet og anna næringsverksemd.	Kommunens mål blir ikkje nådd.  Manglande openheit, svekka tillit og omdømme.  Svekka evne til å nå berekraftmåla.	H	H	H 

Med bakgrunn i valgte faktorer vurderer vi følgende selskap som mest aktuelle for eierskapskontroll:

- Stranda hamnevesen KF

## REFERANSELISTE

Datatilsynet (2022). Årsrapport 2022. Hentet fra: [Årsrapport for 2022 | Datatilsynet](#)

Datatilsynet (2023). Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner. Hentet 25.5.2023 fra [Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner | Datatilsynet](#)

FN- Sambandet (2023). FNs bærekraftsmål. Nettside. 02.05.2023:  
<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>

Helsedirektoratet (2021). Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene – en grafisk framstilling av resultatene fra Kommunesektorens arbeidsgivermonitor. Hentet 11.5.2023 fra: [Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene - Helsedirektoratet](#)

Kommunal Rapport (2023). Kommunebarometeret. [Kommunebarometeret - Om Kommune&shy;barometeret \(kommunal-rapport.no\)](#)

Kommune-CSIRT (2023). Digitalt situasjonsbilde no. 1 for 2023. Hentet fra:  
<https://kommunecsirt.no/nyheter-og-artikler/digitalt-situasjonsbilde-no-1-for-2023>

Kommunenes sentralforbund (2019). Hva er kommunens utfordringer? Klimatilpasning i praksis. Hentet 02.05.2023 fra ks.no:  
<https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/hva-gjor-vi-med-klimaendringene-klimatilpasning-i-praksis/hva-er-kommunenes-utfordringer/>

Kommunenes sentralforbund (2022). *Status kommune 2022*. Hentet 04.05.2023 fra  
<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/KS-Status-kommune-2022-web.pdf>

Kommunenes Sentralforbund (2022 b). Utfordringene vi må løse. Hentet fra:  
[Utfordringene vi må løse - KS](#)

Kommunenes sentralforbund (2023). *Status kommune 2023. Der folk bor*. Hentet 25.05.2023 fra: [Status-kommune-2023.pdf \(ks.no\)](#)

Kunnskapsdepartementet (2019). *Meld. St. 6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Hentet fra: [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Kommunal- og distriksdepartementet (2022). Hentet fra: [Kontrollutvalgsboka \(regjeringen.no\)](#).

- Vinsand, Geir (2023). «NIVI Rapport 2023:3. Interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal». Hentet 06.01.2024 fra: [Notat \(statsforvalteren.no\)](#)
- NKRF (2023). Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene. Hentet 9.5.2023 fra [Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene - NKRF](#)
- NOU 2023:7. Trygg barndom, sikker fremtid — Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet. Hentet 16.5.2023 fra: [NOU 2023: 7 - regjeringen.no](#)
- Politiets Sikkerhetstjeneste (2023). Nasjonal trusselvurdering 2023. Hentet 9.5.2023 fra [NTV-2023 \(pst.no\)](#)
- Pressens faglige utvalg (2022). Åpenhetsbarometeret 2022. Hentet 11.5.2023 fra [Åpenhetsbarometeret 2022 - Presse.no](#)
- [Årsrapport 2021 - Møre og Romsdal 2025 \(360online.com\)](#)
- Regjeringen (2021). Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning. Hentet 23.5.2023 fra [Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning - regjeringen.no](#)
- Regjeringen (2022). Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024. Hentet 26.05.2023 fra [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024 - regjeringen.no](#)
- Økokrim (2022). Økokrim trusselvurdering 2022. Hentet 9.5.2023 fra [Økokrims trusselvurdering 2022 - Økokrim \(okokrim.no\)](#)
- Universitetet i Stavanger (2022). Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet. Hentet fra: [Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats tidlig i livet | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#)
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2023). Forventningsbrevet 2023 – Våre forventninger til kommunane. Hentet 25.05.2023 fra: <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Kommunalstyring/container-kommunemote/forventningsbrev2023/>

## Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/24	Stranda kontrollutval	17.09.2024

### Tilråding til budsjett 2025 frå Stranda kontrollutval

#### Sekretariatet si tilråding:

Stranda kontrollutval foreslår til kommunestyret ei samla budsjetttramme 2025 for kontrollarbeidet på kr 1 621 273

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 186 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 440 273
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 995 000

#### Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Stranda kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Stranda kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

### **Vurdering:**

#### Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2022, 2023 og delar av 2024, samt tek utgangspunkt i deira vedtekne satsar.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påvirka av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapan er frå kommunen si side, når den vert levert i februar.

Det har vore gjennomført ein risiko og vesentlegvurdering (ROV) i 2024 som grunnlag for arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Denne plana skal handsamast av kommunestyret innan utgangen av 2024. Det er difor eit ynskje at Stranda kontrollutval kan bestille ein forvaltningsrevisjons rapport på vegne av kommunestyret i 2025.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2025 på kr 995 000 for dei tenester som revisjonen utfører. Dette inkluderer og revisjon av Stranda hamnevesen KF.

#### Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober 2024 og ein må difor her legge til grunn forslag frå dagleg leiar til styret og til representantskapet.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2025, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

#### Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2025. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Stranda kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på lik linje med andre folkevalde organ. For 2025 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til kr 130 000.

Det er særst viktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere særst nyttig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid.

Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansestader. Stranda kommunestyre valde i 2022 å melde kommunen inn i FKT (forum for kontroll og tilsyn) etter tilråding frå kontrollutvalet. Medlemsskapet er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert forslaget til eit budsjett for 2025 for kontrollutvalet være på kr 186 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Budsjettforslaget på kr 1 621 273 for kontrollarbeidet i Stranda kommune for 2025 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle kontrollutval	130 000	
Kurs og opplæring	40 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	16 000	
<b>Kontrollutvalet</b>		<b>186 000</b>
<b>Sekretariatstenester (SKS IKS)</b>		<b>440 273</b>
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	695 000	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	300 000	
<b>Revisjonstenester (MRR SA)</b>		<b>995 000</b>
<b>Sum kontrollarbeide 2025 Sula kommune</b>		<b>1 621 273</b>

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje uendra tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon. Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet sin uavhengigheit vert oppretthalden, og at utvalet sitt framlegg ikkje vert endra eller påvirka av kommunedirektør eller formannskap.